



GISKE KOMMUNE



KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

2018 - 2030

MERKNADSVURDERING

ETTER 2. GONGS OFFENTLEG ETTERSYN

29.11.2017

Innhold

MILEPÅLAR.....	2
MERKNADSVURDERING - FORKLARING.....	3
VURDERINGSKRITERIUM – HENTA FRÅ PLANPROGRAMMET.....	3
MERKNADAR FRÅ PRIVATE OG ORGANISASJONAR FOR HEILE KOMMUNEN.....	4
MERKNADAR TIL GISKE.....	11
MERKNADAR TIL GODØYA.....	13
MERKNADAR TIL VIGRA.....	14
MERKNADAR TIL VALDERØYA.....	21
MERKNAD/MOTSEGN FRÅ OFFENTLEGE MYNDIGHEITER.....	30

MILEPÅLAR

Første merknad er datert 17.06.2017

Versjon 19.11.2017

Gjennomgang rådmannen 21.11.2017

Versjon 28.11.2017

Til politisk handsaming kommuneplanutvalet 04.11.2017

MERKNADSVURDERING - FORKLARING

Saman med merknadvurderinga er det utarbeidd kart der merknadane er kartfesta. Bokstavkoding i kartet (nr #) er dokument nummer i arkivsystemet til kommunen, i merknadvurdering blir dette omtalt som A-ref. (arkiv – referanse)

I kartet er dei områda det er vurdert ikkje å gå vidare med, viste med raudt kryss. Merknadar som er av meir generell karakter er viste med rounding i kartet.

Tekstleg merknadvurdering er delt opp i bolkar, jamfør innhaldsoversikt.

(TOP) – objektive tilleggsopplysningar frå plankontoret

VURDERINGSKRITERIUM – HENTA FRÅ PLANPROGRAMMET

3.2 Avgrensing av utbyggingsområde

I samband med oppstart av planarbeid er det ønskeleg med innspel til ny, eventuelt endra arealbruk. Det er alt vedteke at kommunen skal ha streng vurdering av arealbruken, viser til følgjande punkt:

Arealbruksprinsippa frå samfunnsdelen

Verna og freda areal skal ikkje leggjast ut til utbyggingsføremål (automatisk freda kulturminne og fredingsområde)

Store samanhengande landbruksareal skal ikkje oppstykkjast og leggjast ut til utbyggingsføremål (kjerneområde landbruk)

Område som medfører risiko for fare eller sårbare område skal ikkje leggjast ut til utbyggingsføremål (fareområde, støy, landskaps- og kulturtypar, naturmangfald m.m.)

Innkome innspel som ikkje samsvarar med dei nemnde punkta vert ikkje tekne med i plandokument.

8.1 Arealbruksprinsipp frå samfunnsdelen

I framlegg til samfunnsdelen er det sett opp overordna prinsipp som skal vere styrande for arbeidet med arealdelen:

- Nye utbyggingsområde skal ligge nær kollektivtrasear.
- Nye bustad-/næringsområde skal utvidast i tilknytning til eksisterande.
- Eksisterande bustadområde kan fortettast der det er kort veg til skule, barnehage, idrett, butikk og møteplassar, fortetting skal vere strøktilpassa.
- Det skal sikrast areal til teknisk og sosial infrastruktur. For nye areal skal kapasitet til teknisk og sosial infrastruktur vere klarlagd, eventuelt med rekkjefølgjekrav.
- Retningslinjer i norm for leikeareal og friområde skal inn som retningslinje i arealdelen.
- Blokkbusetnad skal berre lokaliserast i sentrum av Roald og sentrale plassar på Valderøya.
- % BYA for bustadføremål vert vidareført frå gjeldande arealdel, med denne presiseringa:

- Avgrensing av utbyggingsareal må vere rasjonell i høve til funksjon
- Inntil 30 % BYA for frittliggande busetnad
- Inntil 35 % BYA for inntil tomannsbustadar
- Inntil 40 % BYA for konsentrert småhusbusetnad
- Inntil 50 % BYA for blokk (også for Roald sentrum)
- % BYA for næringsareal kan vere inntil 80 %.
- Samanhengande areal, med god arrondering og bonitet, uavhengig av eigedomsgrenser, skal sikrast som kjerneområde landbruk. Kjerneområde landbruk skal ha sterkare vern mot arealomdisponering enn LNF. LNF skal ha sterkt vern mot arealomdisponering, som i dag.
- Langs delar av vegnettet kan det leggjast til rette for LNF_B-område, der; ”Kvart LNF_B kan fortettast med x bueiningar utan krav om detaljplan.” Det skal utarbeidast eigne føresegner for LNF_B-område i arealdelen.
- Friområde som skal sikrast for offentleg bruk; Sandvika (Alnes), Blimsanden, Giskesanden og Hustruhamna.
- Viktige turvegar og helsestiar skal markerast i plankartet.
- Prioriterte gang- og sykkelvegar for perioden skal teiknast inn i arealdelen.
- Sikre automatisk freda kulturminne og viktige kulturmiljø etter plan- og bygningslova.
- Sikre areal rundt dagens idrettsanlegg slik at desse kan utvikle seg vidare i tråd med framtidige behov.
- Framtidig areal til masseuttak må sikrast.
- Areal til massedeponi må sikrast.
- Leggje til rette for badeliv, sjøsport/sjøfriluftsliv
- Leggje til rette for aktiv bruk av sjøen med småbåthamner, naust m.m.

Ved revisjon av samfunnsdelen blir desse kulepunkta lagde til:

- Bruk og vern av sjøområda skal avklarast i arbeidet med arealdelen
- Differensiert forvaltning av 100-metersbeltet skal avklarast i arbeidet med arealdelen
- I arbeidet med arealdelen skal sentrumsstruktur vurderast, kommunesenter, lokalsenter

Desse overordna prinsippa kan bli justerte når samfunnsdelen er vedteken.

Tillegg ved fastsetting av planprogrammet:

- % BYA for bustadføremål må tilpassast lokale forhold
- Alle friområda skal vere avmerkte i kart

Prinsipp for 100-metersbeltet: Vere forsiktig med å leggje nye utbyggingsområde inn i sona, spesielt dersom det ikkje er bygt nærare i nærområdet. Byggje vidare på eksisterande naust/hamneføremål.

MERKNADAR FRÅ PRIVATE OG ORGANISASJONAR FOR HEILE KOMMUNEN

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
44	Frode Mauren	<p>Utfordrar først administrasjonen og deretter politikarane til å tenke gjennom det som står om naust i føresegnene til arealdelen, og vurdere det opp mot kommuneplanen sin samfunnsdel, konsekvensutgreiinga til arealdelen, gjeldande nasjonal lovgjeving, pbl og grunnlova sin §§ 102 og 105.</p> <p>Historisk sett har naust i kommunen og elles langs kysten hatt ein vesentleg vidare bruk enn det som dei 18 punkta legg opp til; sporadisk overnatting, arbeid-/verkstad/oppbevaring og ikkje minst sosial samlingsplass. Slik som føresegnene er utforma blir det ulovleg å nytte naust i Giske kommune til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Koke krabbe/sløye fisk • Ha ei samling av naboar/St Hans feiring • Bruke naust i samband med aktivitet for barn – barnehagar/skule/organisasjonar • Lagre hagemøblar, bilhengar, grasklippar eller vanleg verktøy blir ulovleg <p>Så kvar er denne drastiske endringa juridisk og historisk forankra? Er det slikt naustregime innbyggarane i kystkommunen Giske ønskjer?</p> <p>Det blir synt til Fylkesmannen sitt vedtak om nausta i Eidsvågen på Ellingsøya: «Sjølv med en sofa på hemsan, kjøkkeninnredning og toalett, er ikkje fylkesmannen i tvil om at naustene i Eidsvågen på Ellingsøya er naust og ikkje fritidsboliger».</p> <p>Er eksisterande naust i Giske kommune, som legg beslag på om lag 2,7 % av den totale strandlinja på dei fire hovudøyene i kommunen, eit så stort problem at det trenger så stor merksemd i arealplanen? Naust i Giske kommune har aldri og kjem neppe til å bli nokon trussel for privatisering av strandsona i kommunen – tvert om er det ofte naust som inviterer til god tilgang til strandsona.</p> <p>Gjeld desse føresegnene alle naust i kommune eller berre dei som blir bygd framover?</p> <p>Kommentar til dei punkt 3.1.10 ii Naust i føresegnene:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ulik storleik på naust - Antar at det ligg ein fornuftig og fagleg vurdering av forskjellane utifrå landskapsmessige forhold 2. Oppbygging av eksisterande naust – Et fornuftig punkt, som også sikrar verdiane til nausteigarane i uregulerte naust 3. Maksimal mønehøg – 5 m er lågt på eit naust på 60 kvm, bør vere 6 m for begge alternativa, vanskeleg å noko god argumentasjon for å skilje mellom 5 og 6 m. Forskjellen på 60 og 80 kvm naust vil i stor grad gå i lengd retning, og ikkje så mykje i breidda. 4. Vindaugstorleik – Kvar er ein slik % storleik forankra? Pbl. sei at alle byggverk skal utnytte dagslys mest mogleg; helse, kostnad og fornybar. Sjølv om naust ikkje blir brukt til varig opphald, så blir det nytta til aktivitetar som krev energi/lys (verkstad, lager/reperasjon/fritidsaktivitetar etc.). Strid mot krav om energieffektive bygg og bruk av dagslys. Dagslys er gratis, fornybar og har positiv helseeffekt. Dersom ein meiner noko med punkt 1.1 i føresegnene, må ein endre det til 10 % lysflate, alternativt setje krav om dagslysfaktor på 2 % etter TEK17, sjølv om naust ikkje er rom for varig opphald. 	<p>Lang og konkret merknad, berre det som blir vurdert som viktigast blir omtalt.</p> <p>Føresegnene til arealdelen vil gjelde frå vedtak i kommunestyret. Arealdelen gjeld ikkje for eksisterande bygg, men for nye tiltak. Fylkesmannen sine tilrådingar for naust er nytta som utgangspunkt for føresegnene.</p> <p>Dette har vorte endra til at naust kan vere på inntil 60 m² BRA for å kome motsegn i møte.</p> <p>80 kvm naust blir teke ut av føresegnene. 5 m høg</p> <p>Naust har som hovudføremål oppbevaring og vil verte sporadisk nytta. Det vil vere mogleg å nytte takplater som slepp inn lys.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
		<p>5. Naust skal ha tradisjonell stil – Å avgrense/forenkle materialbruk/konstruksjonsform på bygg som skal stå i vêrharde område og må tåle tøff behandling, kan fort medføre at kommunen vil hamne i erstatningsansvar ved naturskader. Det må vere mogleg å oppføre delar av bygget i betong. Med ordet tradisjonell har man lagt lista på sjølve utforming, og oppstilling av kva som ikkje skal byggjast er unødvendig.</p> <p>6. Ikkje løyve med gjerde/levegg – Fornuftig punkt, men punkt 6, 7 og 8 gjeld det same. Punkt 7 dekkjer alle tre punkta.</p> <p>7. Ferdsel mellom naust.</p> <p>8. Naturleg strandline</p> <p>9. Saltak med takvinkel 30 – 40 grader – fornuftig intervall, men ser at naust er einaste bygg i heile dokumentet som har dette intervallet – høyrer det ikkje heime reguleringsplan?</p> <p>10. Ikkje løyve med støypte vorar</p> <p>11. Utfylling i sjø, molo og bølgevern – Punkt 10 og 11 gjeld det same, jamfør også punkt 5. Nausta i Giske kommune ligg i vêrharde område. Ålesund kommune forsøkte seg på eit slikt vedtak blant anna på Hessa. Etter store naturskader frå Dagmar 2011 som følgje av rullestein i støa, gjekk Ålesund kommune tilbake på dette kravet for å unngå å hamne i erstatningsansvar. Reknar med at Giske kommune ikkje ønskjer å hamne i eit slik ansvar. Merkeleg at naust som ligg i ei etablert hamn, der hamna i seg sjølv er eit vern, skal få anledning til å verne seg ytterlegare, medan naust som ligg utanfor og som verkeleg treng vern ikkje får det. Kvar er logikken og kan kommunen hamne i erstatningsansvar ved naturskade?</p> <p>12. Definisjon av naust</p> <p>13. Brannkrav</p> <p>14. Ikkje opna for varig opphald</p> <p>15. Ikkje høve for omdisponering – Punkt 12, 13, 14 og 15 gjeld same tema; om at eit naust ikkje skal kunne nyttast til varig opphald, men er det så vanskeleg å formulere i ei setning? Kven referer ein til med definert? Er denne definisjonen juridisk forankra eller er det noko som kommunen har funne på? Kan kommunen så klar og avgrensande definere kva som kan lagrast i visse type bygg, kva dei kan brukast til og kva ein eigar ønskjer å leggje på golv/veggar etc.?</p> <p>I KU står det positivt om naust og naustområde som blir brukt av skular/barnehage. Det er inkonsekvent med at i punkt 12 skal naust vere eit reint lager, og byggjast med minst mogleg dagslys (punkt 4) og ikkje mogleg å sikre naustet (punkt 10 og 11).Behald punkt 15, punkt 13 høyrer heime i reguleringsplan, sløyf dei to andre.</p> <p>16. Golvhøgde, dimensjonering - Her krev man at naustet skal byggjast solid for å tole påkjenningar – med rette, men samsvarar lite med punkt 5, 10 og 11.</p> <p>17. Løyve om frå deling og bygging</p> <p>18. Plassering av naust – Punkt 17 og 18 høyrer vel heime i reguleringsplan?</p> <p>Konklusjon; behald punkt 1, 2, 3, 7 og 15. Punkt 9, 16, 17 og 18 bør avklarast gjennom reguleringsplan. Dei andre punkta fjernast,</p>	<p>Det er ønskeleg å halde på tradisjonell byggjestil i strandsona. Det er døme på tradisjonelle naust som tåler vêrharde strok.</p> <p>Kommunen ønskjer å vere tydleg på fri ferdsel i strandsona og redusere inngrep i strandsona.</p> <p>Desse føresegnene skal også gjelde område som ikkje er regulert.</p> <p>Tiltakshavar må sørgje for at bygg i strandsona er dimensjonert tilstrekkeleg, jamfør føresegn punkt 2.15, høgde golv i strandsona.</p> <p>Det er ei felles forståing av at naust er eit bygg for oppbevaring av båt, utstyr til båt og fiskevegn. Det blir i føresegn lagt føringar for kva naust kan nyttast til, jamfør risikoklasse 1.</p> <p>Det er mange døme på at tradisjonelle naust toler klimaet i kommunen.</p> <p>Føresegnene skal gjelde heile kommunen, ikkje berre dei områda som er regulert.</p> <p>Føresegnene blir vidareført med unntak av storleik over 60 m².</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
49	Arild Austnes og Hans Petter Godø	<p>Valderhaugstrand har dei siste 30 åra ikkje vore det mest sentrale området i kommunen, men vedtak om Valderhaugstrand som sentrumsområde frå 1980 åra har likevel vore styrande for kommunen. Politiske innspel har aldri vorte teke på alvor. Dette har mellom anna vore sterkt medverkande til at lite har skjedd på Ytterland, som heile tida har vore sett på som ein konkurrent til sentrumsstatusen.</p> <p>Det har vore semje om at Gjørund skulle vere kommunen sitt sentrale hamne- og industriområde. Så har nokre attraktive butikkar etablert seg på Sætra og dermed er dette området plutsleg høgaktuelt som sentrum i kommunen. Dette blir sett på som situasjonsbestemt framlegg, som ikkje legg vekt på det faktiske trafikkmønsteret i kommunen dei siste 30 åra.</p> <p>Eit sentrum, eller i alle fall ein stad der ein kan finne viktige publikumsretta tenester, bør liggje der det lettast å nå av alle. Det er neppe så mange som nektar på at i kommunen er Ytterland den mest sentrale staden, der ein stor del av befolkninga passerer kvar dag og alle kan kome til med ein buss. Ei plassering av publikumsretta offentlege og private tenester på Sætra vil neppe betre tilgangen for så mange av dei som bur i kommunen. Ei plassering på Ytterland vil derimot gjere stor forskjell for mange.</p> <p>Ber om at framlegget om flytting av kommunesentrumet til Sætra vert lagt vekk. Med dei offentlege institusjonane, mellom anna skular, som ligg på Valderhaugstrand, kan det greitt fungere vidare som offisielt kommunesentrum. Men det bør i framtida leggjast opp til at dei mest publikumsretta tenestene vert lagt til Ytterland, slik at alle i kommunen får lik og lett tilgang.</p>	Kommuneplanutvalet sitt vedtak om Sætra som framtidig kommunesentrum blir oppretthaldt.
50	Giske nærmiljøutval	<p>Ytterland vil vere det naturlege valet for kommunesentrum med den sentrale plasseringa. Det er eit naturleg knutepunkt for alle øyane og har det største nedslagsfeltet med tanke på befolkningsmengde på Valderøya, Giske og Godøya spesielt. Dette gjeld kommunikasjon med buss, alle køyrande, syklande og gåande. Ytterland er plassert nær Valderøytunellen og vil dekkje alle som nyttar tunellen og passerar Ytterland i kvardagen. Det er eit naturleg knutepunkt, det vil ikkje endre seg med tanke på korleis veg og trafikkavviklinga er lagt opp. Ytterland vil vere det naturlege knutepunkt for dei viktigaste tenestene i kommunen, inkludert legekontor og kommande apotek. Det er også naturleg med kolonialforretning på ein slik stad. Det er ønske om at kommunetilbod kjem til Ytterland, men det kjem i andre rekkje i dagens digitale verden. Det blir synt til SWOT-analyse som det blir stilt spørsmål om grunnlaget til. Den verkar utarbeidd av personar med lite kunnskap til øyane og kommunen.</p>	Kommuneplanutvalet sitt vedtak om Sætra som framtidig kommunesentrum blir oppretthaldt.

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
56	Jordvern Møre og Romsdal	<p>Jordvern Møre og Romsdal er ein interesseorganisasjon som tek sikte på å styrkje jordvernet til beste for komande generasjonar. Det er veldig viktig at også lokale styresmakter gjennom sine planar går inn for denne målsettinga.</p> <p>Gjennom Nasjonal jordvernstrategi, fastsett av Stortinget 08.12.2015, er det sett mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 dekar innan 2020. På tilsvarende måte har fylkestinget gjennom Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021 fastsett eit mål om at den årlege omdisponering i fylket innan same tid skal vere under 200 daa.</p> <p>Det å ta vare på matjord er ein sjølvstøtt føresetnad for å kunne produsere nok mat. Når ein veit at berre 3 % av landarealet er dyrka bør det vere sjølvstøtt og naturleg oppgåve for kommunane gjennom si arealdisponering å ta vare på matjord og sikre at denne ikkje blir nytta til andre formål. Det må og minnast om Jordlova, som skal sikre dette.</p> <p>Dersom ikkje alt nedbygd og omdisponert areal kan nyttast til bustadbygging, industri og infrastruktur, må det bli dei øvrige 97 % landareal som må takast i bruk når planar blir lagt for framtida.</p> <p>LNF-områda er landbruket sitt næringsareal. Omdisponering av desse areala er i realiteten eit signal om at kommunen ikkje ønskjer å satse og leggje til rette for den næringsutøvinga som landbruket representerer og som er svært viktig for mange lokalsamfunn.</p> <p>Jordvern Møre og Romsdal vonar Giske kommune vil leggje dette til grunn i si framtidige arealplanlegging.</p> <p>Nyttar høver til å invitere Giske kommune sit planutval til jordvernsamling på Sunnmøre museum 5. desember 2017 i høve Verdens jordverndag innsett av FN.</p>	Teke til vitande. Giske kommune har ei bevisst haldning til omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.
61	Green Cycle holding as	<p>Kjem med ønske om å justere fleire av NFFFA områda i sjø.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Justere NFFFA_1 og 2 slik at dei ikkje kjem inn i kvit sektor; redusere og trekke inn mot Oksebåsen • Utvide NFFFA_3 sørover, redusere mot aust • Utvide hovudsakleg vestover NFFFA_6 	Ei endring som ønska kan ikkje gjennomførast utan nytt offentlig ettersyn.
76	Godøy nærmiljøutval og Alnes nærmiljøutval	<p>Ytterland er det naturlege sentrumet i kommunen. Flytting av kommunesentrumet til Sætra vil svekke Ytterland si stilling som møteplass og sentral stad i kommunen. Dette kan ikkje akseptast. Ber difor om at framlegg om flytting av kommunesentrumet blir stoppa og at det området som er under regulering på Ytterland blir sentrumsformål, gjerne med kringliggande areal, for å få betre styring på kva som skjer i området. Ber også om at kommunen vektlegg at Ytterland er den einaste staden i kommunen som alle kan kome til med ein buss og difor vurderer flytting av publikumsretta tenester dit.</p>	Kommuneplanutvalet sitt vedtak om Sætra som framtidig kommunesentrum blir oppretthaldt.
93	Giske bondelag	<p>Det er behov for meir dyrkbart areal for å kunne kompensere for alt dyrkbart/dyrka areal som blir omdisponert. Berre på 9 år har kommunen omdisponert over 225 daa dyrkajord til andre formål enn landbruket. Det er eit enormt steg i feil retning i høve dei nasjonale føringane om å auke matproduksjonen med 1 % kvart år i 20 år, det vil seie å auke dyrka areal med 100 daa per år i Giske kommune. Om arealdelen blir som det er lagt opp til no, vil det bety at over 630 daa dyrka/dyrkbart areal blir omdisponert.</p> <p>Bevaring av dyrka jord er ein føresetnad for å sikre matforsyning i landet både på kort og lang sikt. Formålet med jordvern er å sikre grunnlaget for matproduksjon for framtidige generasjonar og ta vare på kulturlandskapet.</p>	<p>Dei utbyggingsområde som det kjem motsegn til blir teke ut. Arealbruken elles blir vidareført.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
93	Giske bondelag	<p>Godøya Bgo_3 Området har vorte utvida frå å gjelde Grønmyr stykket til å også femne om Johans stykket. Sør for dette området er det tidlegare omdisponert til bustad i førre planperiode, ingen ting er bygd. Det er ikkje behov for så mykje reserve areal, det er blant anna regulert til bustad ved Kristiantun 2, eit stor område på Alnes, som vil ta unna for befolkningsauke på øya. Bgo_3 burde vore reserveareal til framtidig dyrking.</p> <p>Bgo_8 At arealet ligg i utkanten av kjerneområde landbruk er ikkje godt argument for omdisponering. Området er del av det framtidige produksjonsgrunnlaget til Strandkleiv samdrift.</p> <p>Bgo_10 Det er med stor undring at dette blir omdisponert av kommunen. Bonden som leiger arealet har brukt tid og krefter i samband med beite og slåttemark. Dersom grunnen til omdisponering er for å få ein samanheng av bustadar, er det ei dårleg forklaring. At tilstøytande areal vart omdisponert var eit stort feilgrep i høve det enorme presset det er på å ha nok areal til grovforproduksjon. Det er nok tomter på Alnes og Kristiantun II.</p> <p>Bgo_14 Dette er del av grovforgrunnlaget til Strandkleiv samdrift, det blir store driftsproblem å drifte resterande areal.</p> <p>BOPgo_3 Det er så sett at dette arealet blir brukt til framtidig utviding av skulen og ikkje anna dyrka/dyrkbar areal. Både aust, vest, nord og sør for skulen er det veldig viktig og gode dyrka/dyrkbare areal.</p> <p>Giske Bg_10 Del av stort samanhengande landbruksareal og del av kjerneområde landbruk. At arealet ligg i utkanten av kjerneområde landbruk er ikkje god grunngeving for at området skal bli omdisponert.</p> <p>Vigra Syner til merknad til 1. gongs offentlig ettersyn.</p> <hr/> <p>Bvi_16 og Bvi_11 Det er viktig at Giske kommune setter seg inn i kva moglegheiter som gjeld for dei ulike områda som blir omdisponert. Desse områda heng saman med eit større område som har eit stor potensial for landbruksdrift. Avgrensingane for landbruksdrift ligg i smale teigar og mange grunneigarar med forskjelleg eigeninteresse. For utbyggerar vil heile området vere interessant av di det er små kostnader med opparbeiding. Dersom det blir omdisponert teigar i kvar ende av dette området vert det lett å ta nye teigar i neste omgang. Jordvetmet på slike store samanhengande areal må styrkast. Omdisponering av Bvi_15 så ser ein ikkje foruflta i dette. Dette er midt i eit samanhengande jordbruksområde, der det nyleg er oppført stor ny driftsbygning. Når det er satsa millionar på ny driftsbygning må storsamfunnet slå ring rundt driftsgrunnlaget. Det vil skape konflikt med gjødselkøyring og dyr på beite.</p> <hr/>	<p>Vedtak om å leggje inn igjen.</p> <p>Vidareføring av arealbruken ved førre rullering. Det blir no lagt opp til ei mindre justering av arealbruken.</p> <p>Areal til utbygging har vorte litt redusert på grunn av motsegn.</p> <p>Blir teke ut på grunn av motsegn.</p> <p>Arealbruken blir vidareført i samsvar med 2. gongs utlegging, både Bvi_11 og Bvi_16 blir teke med som bustadområde.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
93	Giske bondelag	<p>Fakta om bøndene i Giske kommune: Bønder i Giske kommune er glade i yrket og stolt av næringa, det er meningsfullt og krevjande å produsere landbruksvarer i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygg, husdyr, jord, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar, produksjonen per sysselsett aukar 6 % årleg, på linje med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. For unge er landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i, med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. Rekeruttering, økonomi og miljø er hovudmåla for landbruket i Giske. Bondelaget har no over 60 medlemmar, ei auke på 7 frå 2016.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Veit du dette om landbruket i Giske: <ul style="list-style-type: none"> o Deet vert utført 43 årsverk direkte i landbruksproduksjonen, av desse er 32 i mjølkeproduksjon frå storfe, 4,5 årsverk i sauehald, 6 årsverk ammekyr og 0,5 i andre produksjonar o Bønder driv næring innanfor skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling og sal av gardsmat o Kvar år i landbruket skapar ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar. I Giske kommune er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket. Giske kommune er landbruksforvaltninga. Det er dei siste åra bygd nye fjøs. o Giske kommune er ein betydeleg jordbrukskommune i fylket i tal gardsbruk. I 2015 var det 34 gardsbruk i drift (75 bruk i 2000) med gjennomsnittleg dyrka areal 263 daa. Samla er husdyrhaldet i Giske ein stor bodskap: 350 mjølkekyr, 930 ammekyr/andre storfe og 900 sau og lam (stadig aukande) o Det er dyrka vel 8.900 daa jordbruksareal, mest gras til for og beite, det er ein god del utmark og skogareal o Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket har ein sals omsetnad på 29 millionar i året; mjølkebruka inklusiv kjøtproduksjon 22,7 mill. kr (2010 tal frå NILF), sauehaldet har omsetnad på 1,6 mill. kr, ammekyr 4,1 mill. kr og 0,6 mill. kr for gris og andre produksjonar. o I 2016 vart det produsert 2,5 mill. l kumjølkk frå 14 mjølkebruk (36 mjølkebruk og 2,3 mill. l 2000). Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølkk, ost og andre meieriprodukt til vel 8000 personar o I 2016 hadde gjennomsnittleg mjølkebruk 27,4 kyr og leverte årleg 180 705 l mjølkk (2000 13,3 kyr og 64000 l mjølkk) o Totalt vert det årleg produsert 290 000 kg kjøtt av dette 100 000 kg storfekjøtt, 10 000 kg sauekjøtt og 180 000 kg svinekjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til heile 4 600 personar. <p>Kvifor aktivt landbruk i Norge</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris - Velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr - Miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberar - Lokal busetjing - Verdiskaping med store ringverknadar <p>Alternative areal Både utbyggar, kommune og fylkesmannen bør leggje større vekt på å finne fram til alternativ til dyrkajord i arealsaker. Samfunnsnytting omsyn bør definerast betre, samt at kva som skal liggje i omgrepet bør innsnevrast i ein del samanhengar.</p>	Teke til vitande. Landbruket er ei viktig næring i kommunen.

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
93	Giske bondelag	<p>Er til dømes gangavstand til skule samfunnsnyttig omsyn? Det må ikkje liggje automatikk i at jordvern blir prioritert lågare enn samfunnsnytting omsyn. Jordvern bør som hovudregel prioriterast høgast. Jordvern er i seg sjølv grunnleggjande viktig for samfunnet.</p> <p>Fylkesmannen Giske er ein viktig jordbrukskommune i Møre og Romsdal, og rekrutteringa til primærnæringa syner alt landbruket har håp om ei god framtid. Kommunen og kommuneplanen må bidra til og sikre framtida for næringa, ved at dei har kjende arealmessige rammevilkår og moglegheit for utvikling.</p>	

MERKNADAR TIL GISKE

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
1	John H Giske	<p>Er kjend med at fylkesmannen har kome med motsegn til å omdisponere areal på bruket. Det blir reagert at det i motsegna står at Giske kommune meiner at tiltaket vil ha negativ konsekvens for landbruket. Politikarane i Giske har heile vegen vore einige med eigarane om at ved å få byggje på ønska stad vil det bidra til å oppretthalde sauehaldet i området, noko som vil hindre attgroing i området og for utmarksstykket lenger vest. Frå deling vil såleis bidra positivt til landbruket, ikkje negativt.</p> <p>Det er tidlegare søkt om omdisponering frå arealdelen. Dette innstilte kommunen positivt til, men vart påklaga av fylkesmannen. Giske kommune hald fast på vedtaket, då det mellom anna synte seg at underteikna sine argument ikkje var lagt ved til fylkesmannen. Saka vart sendt settefylkesmann, i samtale med settefylkesmannen var det klar beskjed om at det var praksisen med å gje dispensasjonar dei var negative til, ikkje sjølve frå delings saka. «Få det inn i kommuneplanen, så ser vi ingen problem» var beskjeden ordrett.</p> <p>Landbrukssjefen i Giske har og sagt seg eining i at det ønska området er det som gjev minst negativ inngripen i landbruksarealet som grunneigar rår over. Landbrukssjefen hadde ikkje problem med sjølve frå delinga, men er i mot dispensering frå kommuneplanen generelt.</p>	<p>I samband med vedtak i kommuneplanutvalet til 2. gongs offentlig ettersyn vart omsøkt tomt lagt inn med bustadformål. Syner til sak F-087/17 og F-88/17. Fylkesmannen har kome med motsegn til Bg_10 på grunn av landbruksinteresser. Rådmannen tek motsegn til følgje og tek ut Bg_10 frå plankartet. Omsynssone kultur blir justert tilsvarende.</p>
6	Advokat Hove på vegen av grunneigar gnr./bnr. 127/3	<p>Ønske om at det vert opna for bustadformål på del av bnr. 3. Dette blir grunngeve med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Likskapsomsyn – tilgrensande liknande areal er opna for bustadbygging til føremon andre og heilt nyleg • Allmenne rettferdsvurderingar – eigar har gjeve grunn til både offentlig og privat utbygging i nærleiken utan sjølv å vere gjeven tilsvarende utbyggingstilgang • Effektiv utnytting av alt etablert teknisk infrastruktur – det er alt ført fram/under framføring teknisk infrastruktur til omsøkt areal. Omsynet til samfunnsnyttan tilsei at flest mogleg nyttar slike investeringar. Det ligg privat opparbeidd stikkveg til området og etablert avkøyrsløp til offentlig veg • Bonitetstilhøve – omsøkt areal er myr som tidlegare har vore nytta til torvspading • Byggjeforbod i 100 – m beltet langs sjø – aktuelt areal ligg på ei høgde i høve eigentleg strandsone. Det er etablert bustad i nærområdet • Ikkje utbygging mellom fylkesvegen og fjøra – lite og avgrensa areal som dels ligg mellom fylkesvegen og alt utbygd areal 	<p>I samband med vedtak i kommuneplanutvalet til 2. gongs offentlig ettersyn vart del av omsøkt tomt lagt inn med bustadformål. Syner til sak F-087/17 og F-88/17. Fylkesmannen har kome med motsegn til Bg_14 på grunn av landbruksinteresser. Rådmannen tek motsegn til følgje og tek ut Bg_14 frå plankartet. Byggjegrænse og omsynssone kultur blir justert tilsvarende.</p>
9	Ingunn og Rolf Giskeødegård	<p>Syner til tidlegare innspel til kommuneplanen sin arealdel om å få skilt ut tomt til bustadformål frå gnr./bnr. 128/9. Kommunen gjer framlegg om å ikkje legge framlegget inn i arealdelen, enten er arealet for lite til å kunne fange opp eventuelle justeringar av vedteken vegtrase eller at det ikkje er ønskeleg å omdisponere LNF areal til så store bustadtomter. Det blir og synt til at det ligg ferdig regulerte tomter til bruket som kan byggjast ut når dei frå vegløyving. Krava frå kommunen er slik at tidsperspektivet for å kunne ta i bruk tomtene kan bli for langt for underteikna. Det som det blir søkt om er å få skilje ut ei tomt til ein bustad med garasje som er stor nok til å fange opp eventuelle justeringar av vedteken trase for ny Øydgardsveg. Når nye brukarar flyttar inn i våningshuset på garden misser underteikna husværet sitt. Det blir difor søkt om tomt i nærleiken for å sette opp hus for å busette seg der, og hjelpe til med drifta. Arealet ligg i utkanten av eit større jordbruksområde, innanfor fylkesvegen rundt øya, og inntil regulert bustadområde. Det er plassert så gunstig som mogleg i høve omgivnaden og vil gje ei god arrondering mot jordbruksområdet. Når unge vel å flytte inn i gardshusa og tek sikte på å halde det gamle tun-området i hevd, er det vern av landbrukstradisjonar.</p>	<p>I samband med vedtak i kommuneplanutvalet til 2. gongs offentlig ettersyn vart omsøkt tomt ikkje lagt inn med bustadformål. Syner til sak F-087/17 og F-88/17.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
9	Ingunn og Rolf Giskeødegård	og landbrukskultur som er særmerkt for området. Giske som viktig landbrukskommune. I tillegg til vern av landbruksjord, må det også leggje vekt på vern av landbrukstradisjonar og landbrukskultur. Håpar at dette vert vektlagt ved at generasjonsbyttet legg til rette for det.	
52	Roger Giskegjerde m. fl.	Det har kome framlegg om gangveg frå steinfylling ved brua til Giske stadion, men kan ikkje sjå det er sett av på kartet. Som grunneigarar burde ein vorte gjort kjent med kva planar som blir lagt. Forstår behovet for bruk av plassen til parkering og at det er ønskeleg med kort veg til stadion. Om det er tenkt å leggje turstien i fjøra eller oppå marken står det ingen ting om kommunen si vurdering av framlegget. Eventuelt framlegg om å leggje turstien oppå markkanten vil ikkje bli godteke. Allemansretten i fjøra er vel eigentleg bra nok sti dersom det blir ordna med steintrapp eller tilsvarande ved stadion.	Framlegg til turveg vart lagt inn merknadskartet men ikkje i plan det juridiske plankartet. Framlegg til trase vart synt aust for LNF område – utanfor jordbruksareal i drift i merknadsvurdering kart. Det blir vurdert at eventuell tusti kan leggjast i naturområde. Tursti kan ikkje leggjast over dyrka mark.
70	Ruth Giskeødegård	Ber om at areal del av gnr./bnr. 130/1 og areal sør for dette blir teke ut som utbyggingsformål. Dette er ein naturleg fortsetting av myrområdet lenger sør (LNF-området), eit myr område som er verdt å ta vare på. Det er tydelege spor etter torvskjering, det er bjørkeskog, rikt dyreliv med hekkande fuglar, rådyrfamilie og periodevis svanar. Dette området var eit friområde barn. Før vasstanden vart senka vart området nytta som skøytearena på Giske. Det er behov for å ta vare på friområda, med den trivselen det gjev.	Delar av området er regulert til utbygging. Areal som ikkje er regulert til bustadformål blir teke ut. Omsynssone bevaring naturmiljø blir utvida nord austover.
78	Petter B Giskeødegård	Ber om at del av gnr./bnr.129/1 vert omdisponert til bustadformål frå LNF. Arealet kan berre nyttast til beite, det kan ikkje pløyast eller kultiverast på annan måte. For 50 år sidan vart Sve-haugen sprengt vekk og nytta i Giskegjerde hamn. Det er difor rett på fjell med noko myrjord tilførd gjennom åra. Arealet er difor dårleg beite som blir beitepussa 3 – 4 gongar i sesongen. Dette er krevjande med bergknausar som stikk opp i dagen. I tillegg er det nærleiken til eksisterande byggjefelt. På sikt skal ny Øydgardsveg gå over arealet.	Framlegg om å ikkje leggje inn. Det er per i dag mykje ikkje bygd ut bustadareal på Giske. Omdisponering vil gje større utfordringar for drift av dyrka areal rundt. Ny Øydgardsveg vil gå i utkanten av teigen.

MERKNADAR TIL GODØYA

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
2	Ann Kathrin Alnes	Underteikna har avtale om parkering på gnr./bnr. 126/11 nord for vegen. Det er ønske om å utvide parkering til også å gjelde ei stripe sør for vegen. Dette kan vere eit bidrag til ei meir strukturert parkering slik at reisande ikkje parkerer langs vegen, på dyrka mark m.m.	Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentleg ettersyn. Det vart ikkje gjort vedtak om å leggje inn meir parkeringsareal. Syner til sak F-087/17 og F-88/17
20	Atlantic Marine as	Ber om at omsøkt areal blir lagt ut som industriområde. Detaljar i prosjektet kjem ein attende til når det eventuelt blir lagt til rette for realisering kan lokaliserast på det aktuelle området. Viss prosjektet kan realiserast vil det medføre at ein får eit betydeleg tal langvarige arbeidsplassar knytt til lokaliteten.	Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentleg ettersyn. Det vart gjort vedtak om å leggje inn meir næringsareal i Geilevika. Syner til sak F-087/17 og F-88/17 . Krav om regulering før området kan takast i bruk.
31	Help Forsikring	Omsøkt areal på 124/79 har bustadområde i sør, gardsbygningar i nord og landbruksjord mot aust og vest. I framlegg til arealplan er bustadformål oppretthalde sør for eiegen. I nord er det planlagt offentleg og privat tenesteyting. Arealet har ikkje vore nytta til verken landbruks-, fritids- eller naturformål over lang tid. Arealet består i hovudsak av stein, fjell osv, og er kupert og ueigna som beite, dyrking eller til anna landbruksverksemd. Området har heller ikkje verdi som tur- eller fritidsområde, det finns heller ikkje naturførekomstar eller andre verneverdige naturressursar som gjer området interessant for naturformål. Endring av omsøkt areal frå LNF til bustadformål vil vere samsvar med korleis kommunen har planlagt arealbruken rundt. Det vil også harmonere med behova i kommunen. Aktuell parsell er veldig godt eigna til bustadformål, har utmerka tilgang til alle relevante fasilitetar som infrastruktur, skule og andre offentlege tilbod, butikkar og andre private tilbod, småbåthamn og andre rekreasjonstilbod. Ved å leggje ut som bustadformål vil det bli lagt til rette for sårt tiltrent bustadareal for å møte dagens behov. Ein vil oppnå ei langt betre og meir hensiktsmessig utnytting av kommunen sitt areal enn i dag. Det er gjennomført omdisponering av LNF-areal fleire andre stadar i kommunen.	Området ligg som kjerneområde landbruk, er ein del av ei stort samanhengande landbruksareal. Området er dyrkbart. I denne rulleringa av arealdelen er det gjort andre vektingar i høve landbruk enn førre rullering. Landbruk og 100-metersbeltet skal sikrast mest mogleg mot utbygging. Det blir også synt til Gardskart på nett, der parsellen har status som fulldyrka og innmarksbeite. Området blir vidareført som LNF-område.
53	Tryggheim barnehage	Det er aukande behov for barnehageplassar på Godøya og eigarstyret til Tryggheim barnehage har byrja å planleggje å byggje ny barnehage. For ny barnehage er det ønskeleg med 6 avdelingar, med totalt 30 plassar. Det vore vurdert kva område som det kan vere aktuelt å byggje barnehage, og området ved kunstgrasbana blir vurdert å vere det beste området.	I dette området er det lagt inn kombinasjonsformål bustad, offentleg eller privat tenesteyting. Krav om regulering før området kan nyttast.
55	Kibsgaard-Petersen på vegne av Alnes Panorama as	Meiner følgjande endringar er nødvendig for at designhotellet skal fungere som planlagt: Naustområdet Naustområdet på sørsida av Furkenholmen må ikkje inkludere rorbuer for overnatting. Det vil gje konflikt med privatisering og mogleg nattstøy som ikkje høver med hotellet sitt behov. Tradisjonelle naust for oppbevaring av båtar og fiskevegn vil derimot ikkje gje same konflikt, men bidra til eit tradisjonelt kystmiljø som berre er til føremon for hotellet. Omfang F/T-området Det er ønskeleg med noko utvida område, grunna med optimalisering av planlagt bygningsmasse og krevjande tilkomstveg. Området er utvida mot aust for den planlagde moloen for å gje tilkomst til sjø for hotellet. Tal og plassering av hytter Tal plassering av frittliggande hytterom til hotellet er tilpassa hotellkonsept og terreng. Offentleg tursti Stipla tursti vil gje offentleg tilkomst gjennom friområdet og vidare tilbake til vegen over F/T området.	Rorbuer bør behaldast, det vil vere fordelsmessig økonomisk for kommunen med rorbuer enn naust. Privatisering og støy frå rorbuer blir vurdert som marignal ulempe for hotellet. Justere F/T området som ønska, det vil i hovudsak framleis liggje innanfor regulert industriområde. Byggjegrænse blir justert tilsvarende og i tillegg trekt noko lenger ned mot strandsona slikt hytter synt i merknad ligg innanfor. Arealdelen er grovmaske og det blir difor berre langt inn enkelte hytte punkt som illustrasjon på at det kan kome hytter i LNF-området. Plassering og tal hytter må avklarast gjennom detaljregulering. Blir ikkje lagt inn, må bli detaljregulert.

MERKNADAR TIL VIGRA

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
8	Solveig Roald	Syner til tidlegare innsendt framlegg om å endre LNF-område til bustadformål. Kan ikkje sjå at dette er teke med i framlegg til ny kommuneplan. Ønskjer å oppretthalde søknad om endring av landbruksområde til bustadformål. Garden ligg i sentrum av Roald og det er vanskelege å drive gard så nær bustadområde. Garden er ikkje i drift og har ikkje vore i drift på mange år.	Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentlig ettersyn. Det vart ikkje gjort vedtak om å leggje inn meir bustadareal. Syner til sak F-087/17 og F-88/17 .
10	Olav Johan Synnes	I brev frå Giske kommune blir det orientert om at det skal leggjast nytt leidningsanlegg frå Synes byggjefelt til Vigra kringkastar. Dette var ikkje kjent når frist for innspel til 1. gongs offentlig ettersyn gjekk ut 19.05.2017. Dette er viktig og positivt for eigedom gnr./bnr. 6/162, heile eigedomen heller vestover mot denne leidninga. Dette må takast omsyn til i den vidare sakshandsaminga av kommuneplanen for området.	Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentlig ettersyn. Det vart ikkje gjort vedtak om å leggje inn meir bustadareal. Syner til sak F-087/17 og F-88/17 .
16	Olav Johan Synnes	Syner til A-ref. - 10. Kopi av signert graveløyve for leidningsanlegg VA over gnr./bnr. 6/162.	
19	Green Cycle as	Det er under vurdering å ta i bruk moloen og kai ved Vikebukta til lager av utstyr og kanskje mottak av råvarer. Sjølv kaia er ideell for arbeidsbåtar og lagring av utstyr. Det kan også bli behov for eit mindre lagerareal, lagerbygg inne på land som forenkler/avlaster kai/molo. Søkjer om ei mindre utviding av næringsareal. Foreløpig er det nokre problemstillingar. Avinor kom med merknad til konsesjonssøknaden om vurdering av flytryggleiken for all ny verksemd rundt lufthamna som kan tiltrekke seg fugl. Eit avbøtande tiltak kan vere å sette opp eit lagerbygg på kaia. I framlegg til arealplan har heile Vikebukta hamn vorte merka som småbåthamn, då kan det vel ikkje drivast næringsverksemd på kai eller molo? Søkjer om å få utvide næringsformål på land slik at eksisterande veg/infrastruktur av hamna som manøvreringsareal eller tilkomst til nytt areal.	Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentlig ettersyn. Det vart gjort vedtak om å leggje inn delar av molo/kai som kombinasjonsformål småbåthamn/kai. Syner til sak F-087/17 og F-88/17 . Det blir lagt opp til ei planteknisk endring, i staden for kombinasjonsformål sosi 1800 (kombinerte byggje og anleggsformål) er det nytta sosi 2040 (hamn). Det blir lagt til retningsline om at formål hamn også kan nyttast til småbåthamn, avklaring i samband med regulering.
21	Glede på reisen as	Søker om å nytte kombinasjonsformål bustad, fritids- og turisme på Reset, Blindheim..	Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentlig ettersyn. Det vart gjort vedtak om å leggje inn kombinasjonsformål bustad/fritids- og turisme. Syner til sak F-087/17 og F-88/17 . Ved regulering skal arealbruken avklarast; enten bustad eller fritids- og turisme.
22	Vigra IL	I plan for framtidig 7- bane og tilstøytande garderobe/kiosk/tribune på oversida av dagens 11 bane vil store delar av øvre parkering gå vekk. Dette med høg vekst i klubben og med vekst på minst same nivå dei neste 5 – 10 åra. Dette gjev Vigra IL eit uløyst parkeringsbehov. Arealet «nedanfor leveggen» vil måtte planleggast brukt til parkering knytt Vigra IL sine idrettsanlegg. Vigra IL syner til innspel til planprosessen i vår som omtalar at Vigra IL støttar framlegget om tilbakeregulering til idrettsformål for areala fullt ut. Vigra IL orienterer med dette kommunen om parkeringsbehovet og at Vigra IL har styrehandsama og vedteke behovsprøvd plan for området «bak leveggen» til parkering for idrettsanlegga.	Merknaden blir ikkje teke til følgje. Areal mellom kunstgrasbane og regulert bustadfelt er i framlegg 2. gongs offentlig ettersyn sett av til grønstruktur. Dette området må vere buffer mellom idrettsanlegget og bustadformål. Det er i framlegg til arealplanen lagt ut parkeringsareal nord for Rota stadion. Det kan i framtida nyttast til parkering for idrettsanlegga også.
27	Plot arkitekter på vegne av Subsea 7	Delar av BOP_5 og BIAvi_1 ligg inne på Subsea 7 sitt areal og reguleringsplan, samt at delar av Subsea 7 sitt areal/reguleringsplan er sett av til LNF-område i framlegg til kommuneplanen sin arealdel. Plassering og eventuelt om krets/utstrekning av desse områda bør endrast slikt at dei ikkje kjem i konflikt med Subsea 7 sitt areal.	Merknaden blir teke til følgje, arealformål BOPvi_5 og BIAvi_1 blir justert slik at dei ikkje går inn på areal som regulert for Subsea 7. BOPvi_5 blir justert nordover.

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
29a	Eit Levande Roald	Merknad gjeld framlegg om framtidig høghus i Roald sentrum. Merknaden kjem på vegne av Eit levande Roald, som har samla over 200 røyster frå området i eit innspel som kommunen tidlegare har motteke. Eit levande Roald har kome med framlegg om eventuell fortetting i området bør nyttast til eldebustadar og mindre hus typar, ikkje høghus. Høghus i sjøsona vil bryte med anna byggemasse i området, og ingen som bur i dette området ønskjer dette. Vedtak i arealplanen om framtidig høghusbygging vil for mange år framover setje stoppar for vidare utvikling av Roald sentrum slik befolkninga på Roald meiner området skal utviklast. Tidlegare framlegg om å byggje på Roald har vorte stoppa av folkeopinionen.	Avklaring av arealbruken vil skje gjennom område- og detaljregulering av Roald sentrum.
29b	Leslie Bjørkelund	Protesterer på at gnr./bnr. 1/481 blir lagt ut som sentrumsformål/høghus utbygging. Ingen av naboane ønskjer dette. Største ulempa er å ikkje få realisert sal av enkelttomter på eigedommen. Dette må gjennomførast før ein får ressursar nok til å restaurere Smegarden. Framlegget i arealplanen slik det ligg føre vil vere slutten for busetnaden på Smegarden, våningshus og løe. Dette er urimeleg og vil verke som at kommunen jagar vekk innbyggjarane frå eigedomane sine. Ber om at Smegarden vert endra til gult formål (bustad).	Innanfor formål sentrumsområde er det mange ulike underformål som kan nyttast ved område- og/eller detaljregulering. Avklaring av arealbruken vil skje gjennom område- og detaljregulering av Roald sentrum.
33	Andreas O Rørvik	Omsøkt areal var lagt inn ved 1. gongs offentleg ettersyn. Ved 2. gongs ettersyn har arealet vorte teke ut, grunngjeve med at omdisponering vil vere til skade for norsk landbruk. Kjem av den grunn med faktiske opplysingar i saka: I bygdesamfunnet Rørvik er det berre ein person som livnærer seg som gardbrukar, driftsbygninga ligg om lag 1,5 km frå omsøkt parsell og den nyttar han ikkje til si gardsdrift. Busetnaden i Rørvika ligg langs bygdevegen, opparbeidd langsetter Rørvikrema, som er ei morenerem som går gjennom bygda. Dette er naturleg gjort for at korkje busetnaden eller vegen skal vere til skade for tilstøytande landbruksområde. Omsøkt parsell ligg i same område og er såleis meint å vere ei fortetting langs bygdevegen. Grunnen består av morenemasse og større stein dekt med tynt jordlag, så området kan verken dyrkast eller vedlikehaldas med maskinreiskapar utan å skade desse. Av ovannemnde grunnar ber undertekna om at saka vert vurdert på nytt og parsellen vert teken inn att slik planen opphavleg var.	Fylkesmannen kom med motsegn til omdisponering av LNF til bustadformål langs Magretevegen etter 1. gong offentleg ettersyn. FM si grunngjeving: <i>Etablering av nytt bustadområde i kjerneområde landbruk. FM er uroa over framtidig konsekvens ved etablering av nytt bustadområde, då eventuell utviding i all hovudsak vil gå på bekostning av dyrka jord i aktiv drift. Stor sannsynlegheit for drifts- og miljømessig ulemper i området. På vegne av landbruksinteresser gir FM motsegn til Bvi_15, Margretevegen.</i> Rådmannen tek motsegn til følgje og legg ikkje inn bustadformål i dette området.
37	Helene D Rørvik	Syner til vurdering av tidlegare innsendt merknad. Behov for behov for næringsareal blir akseptert, ikkje behov for meir næringsareal ved flyplassen no. Men imøtegang av framlegg om å utvide bustadarealet på austsida synes argumentasjonen noko tynn. Gjeldane kommuneplan syner eit belte med bustadareal langs ei strekning som ikkje kan forsvarast å kalle kjerneområde landbruk. Framlegg om moderat utviding av bustadformål ned mot sjøen vil ikkje hindre fri ferdsel i strandsona og vil leggje tilhøve til rette for ei meir fornuftig arrondering og planlegging av framtidig bustadareal i det aktuelle området. Ber om ei ny og meir truverdig vurdering når det gjeld framlegg om utviding av bustadarealet på austsida av riskvegen.	Framlegg til bustadareal i 100-metersbeltet til strandsona og ligg i kjerneområde landbruk. Området er del av eit 12 daa stort landbruksareal i drift. Dersom omsøkt areal blir lagt inn som bustadformål, vil arronderinga av resten av landbruksarealet medføre at heile området ikkje er råd å drifte. Hovudargument for å ikkje omdisponere til bustad er det generelle forbodet om å byggje ned 100 m – beltet i strandsona.
40	Plot arkitekter på vegne av Subsea 7	Same merknad som A-ref. 27, med skisse framlegg til reguleringsplan.	Teke til vitande.
42	John I Synnes, Einar S Synnes, Astor Synnes og Kurt Synnes	Ikkje eining med kommunen si vurdering. Arealet bak låven og dei to einestadane som er der i dag, ligg i skrånande terreng og blir ikkje nytta til jordbruksformål. Dette arealet er fleire daa stort. Grenselinje kan sjå ut som om er teikna inn feil, og kan uansett bli trekt lenger nord. Det vil då bli betre plass til må regulere inn veg og tomter bak eksisterande busetnad og opp mot bakkekammen. Delar av LNF-området nord for veg kan omdisponerast til bustadformål.	Nytt bustad område er lagt nesten inntil landbruksareal som er lett å drift mekanisk. Blir bustadarealet trekt lenger nord, vil dette gå utover landbruksareal. Merknad ikkje teke til følgje.
43	Janne Britt Molnes, Jakob Helge Molnes	Det er ønskjeleg å kome med merknad til planframlegget. Det er behov for å møte med teknisk eining for å gjere greie for merknaden. Så snart det har vore møte med møtet vil merknad bli sendt inn.	Har vore i kontakt med Teknisk eining.

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
46	Glede på reisen	Same som A-ref. 21	
57	Sivilarkitekt Jakob Storlykken	<p>Nørestranda Det er utarbeidd reguleringsframlegg som har vore presentert for kommunen i fleire omgangar, endra og justert i fleire omgangar, difor godt gjennomarbeidd plan som tek omsyn til strandsone, grøntområde, støytilhøve langs riksvegen og areal til barnehage. Argument mot er at området ikkje kan leggjast ut til bustadar men haldast av til reserveareal for næring. Dette argumentet vart nytta ved førre rullering også og blir protestert mot.</p> <p>Det blir stilt eit stort spørsmål ved om arealet nordover har potensial for næringsutvikling for dette området, det vil på grunn av vindtilhøva, straum og djupne vere urealtisk med næringshamn i området og beskyttande molo. Utan fungerande hamn vil det ikkje vere mening med næringsareal. Det ligg også landbruksareal som har status kjerneområde landbruk i området.</p> <p>Setninga «For delar av det arealet som blir lagt ut i framlegg til kommuneplanen sin arealdel er det konkret bruk» er ei setning som er vanskeleg å tolke. Ser ein på plankartet er det ikkje eit einaste formål utover NLF som er synt i arealdelen.</p> <p>Det er ikkje ønskeleg at arealet vert bandlagt til bustad. Problemet er at heile arealet omfattar mange eigedomar, vert bandlagt til noko veldig lite konkret som ikkje er synt i plankartet. Syner igjen til dei store unytta areala ligg inn i planen.</p> <p>Det står at det ikkje er ønskeleg med bustadområde innanfor næringsareal. I planen ligg det fleire døme på at bustad og næring ligg inntil kvarandre. Er einige om at det er gunstig med nærleik mellom bustad- og næringsområde.</p> <p>Bustad på Gjørund Det er lagt til rette for bustadar på Gjørund, på Remane og ved Gjerdegardane nord for Gjørundbrua. I tillegg må det leggjast inn areal for bustad på Nørestranda. Det er lagt rekkjefølgjekrav om sosial infrastruktur til alle bustadområda. Det er sett av areal til barnehage slik at det er løyst. Området er plassert likt med Gjørund, Sætra og Ytterland plassert gunstig i høve eksisterande og framtidig trafikk og kollektivløysingar. Det lagt inn støyvoll i planen, slik vegstøy ikkje vert eit problem. Delar av området ligg innanfor 100 – metersbeltet. Kart som er utarbeidd og ligg som vedlegg til planen syner mange eksisterande og nye bustadområde også ligg innanfor denne sona. Når alternativ til bustad er næring, så er ikkje 100 m – beltet argument mot bustadar. Eit eventuelt næringsareal vil øydeleggje heile strandsona og gjere den utilgjengeleg for ålmenta. Slik som planlagt er strandsona open for alle og meir tilgjengeleg enn no.</p> <p>Bustadareal på Gjørund og Nørestranda er gunstigare enn andre bustadområde, jamfør bustadområde i innflyginga til flyplassen. Det er nesten ikkje råd å få til lovlege uteområde i den gule støysona rundt flyplassen. Trafikk frå Nørestranda vil ikkje føre til auka trafikkbelastning i andre etablerte bustadområde. Det er intensjon i kommuneplanen om redusering av klimagassutslepp – privatbilkøyring. Dette vil krevje at det kan bu folk nær handelsknutepunkt og arbeidsplassar.</p>	<p>For nytt areal til næring vest for Nørestranda er det under planlegging konkret bruk av areala, dvs. at det ikkje er så mykje ledig areal som det kan sjå ut som.</p> <p>Ønska areal blir ikkje lagt inn som bustadareal – mogleg reserve areal ved neste rullering av arealplanen.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
57	Sivilarkitekt Jakob Storlykken	<p>Argument for bustadbygging på Nørestranda på Gjøssund</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjøssund ligg sentralt i kommunen, langs etablerte kollektivsamband. • Trafikk frå bustadområda på Gjøssund, vil ikkje føre til trafikkauke gjennom etablerte bustadområder. • Bustadar på Gjøssund ligg nær barnehagar og daglegvarebutikk på Sætra, samt ny barnehage på Nørestranda. • Ein har nærleik til mange eksisterande og framtidige arbeidsplassar. • Moderne næringsverksemd må ta omsyn til strenge miljøkrav. Difor er det få verksemdområde, som kan føre til ulempe for dei bustadområda som er planlagd. • Det må leggest til rette for at ein kan gå eller sykle til arbeid. • Gjøssund har naturleg universell utforming. • Skulebussen går uansett forbi Gjøssund. For å køyre vigringar til ungdomsskolen, eller øvstevigringar til Roald. • Gjøssund ligg slik til, at ein kan vere fleksibel med omsyn til skulekringsgrensene. • Bustadområda på Gjøssund ligg langt utanom støysonene til flyplassen. • Støy frå dagens aktivitet i industriområdet, merkast ikkje i det heile i dette området. • Bustadutbygging vil mjuke opp Gjøssund, i høve den industrietableringa ein ynskjer. Dette vil gi eit langt betre inntrykk av Vigra og kommunen for folk som køyrer til og frå flyplassen. 	
60	Idar A Molnes på vegne av Randi Molnes	<p>Syner til merknadsvurdering etter 1. gongs offentleg ettersyn og vil kommentere følgjande:</p> <p>Silhuett frå vest Silhuett frå vest er alt påverka av formålsendinga i Storbakken feltet, då Storbakken ligg høgare i terrenget enn omsøkt område. Utbygging av omsøkt område vil ikkje føre til meir negativ effekt for silhuetten frå vest.</p> <p>Automatisk freda kulturminne Det er lagt inn brei omsynssone for fornminne. Det er ikkje ønskeleg å påverke eksisterande kulturminne negativt og meiner det har vore teke omsyn til dette ved å følgje omsynssone i plankartet. Omsynssona vil vere naturleg avslutning av Molnes byggjefelt.</p> <p>Terrengform All utbygging vil ha påverknad av terrenget. Kor mykje påverknad vil kunne bli regulert i detaljplan, både med type bygningar, vegtrase m.m. Området er heller ikkje eigna til landbruk, landbrukskontoret har støtta denne påstanden.</p> <p>Vasstilføring Storbakkenfeltet kan ikkje byggjast ut før vasstilføringa er betra. Til fleire bueiningar ein får i området, til fleire kan total kostnadane delast på. Det vil også vere eit større område å fordele ny infrastruktur, som kan gje ei meir rettferdig deling mellom grunneigarane.</p> <p>Alternativ vegtrase Kapasiteten på vegnettet i Molnesfeltet er nær sprengt, og ser det som naturleg at ein må finne ny trase for veg til nytt felt. Det er fleire alternativ som blir vurdert, eit godt alternativ er å nytte delar av eigedomen sør for omsøkt området.</p>	<p>Ikkje ønskeleg å leggje ut til bustadformål. Det er lagt opp til nok trafikk austover til Storebakken.</p> <p>Utbygging vil føre til meir ulempe enn utbyggingsformål som alt er lagt ut, det vil bli meir utbygging som vil vere meir synleg frå vest.</p> <p>Påverknad frå omsøkt område vil gje meir påverknad enn det som er lagt ut til bustadformål i planen.</p> <p>Terrenget er bratt og kupert. Sjølv om det ikkje er eigna til landbruk, er det ikkje nødvendigvis eigna til bustadformål.</p> <p>Tilkomst til omsøkt område vil bli utfordane på grunn av bratt terreng. Sjølv om ein trekkjer tilkomsten lenger vest enn eigedomen vil vegen bli brattare enn det som er ønskeleg for bustadfelt, til liks med delar av ubyggd bustadformål lenger aust.</p>
62	Jan Helge Borgard	Ikkje ønskeleg at dyrka mark som eignar seg til matproduksjon er lagt ut til bustadformål inntil gnr./bnr. 1/197.	Arealbruk blir ikkje endra for framtidig bustadområde mellom Rota stadion og Budafjellet. Området ligg ikkje som kjerneområde landbruk og ligg mellom bustadfelt.

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
66	Borgny Roald, Magnhild og Odd Kåre Naalsund, Ann Elisabeth og Odd Frode Roaldsnes	<p>Det er ikkje ønskeleg med idrettsformål på del av gnr./bnr. 1/12, men bustadformål, avgrensa av nordaust mot Rotmyrhaugen, nemnt som Gvi_1 i arealdelen. Det er ønskeleg med innsyn i grunnlagsmaterialet som syner behov for ytterlegare areal til idrettsanlegg på Vigra, dokumentasjon på dette overfor grunneigar og klargjering av konsekvensar dette vil ha for naboar og infrastruktur på Roald. Vigra IL disponerer alt tilgjengeleg areal for eventuell utviding vest for Rota stadion og på Synnes stadion, eit anlegg som blir lite nytta etter at Vigrahallen vart bygd. Stiller spørsmål til kvifor Giske kommune meiner at Vigra IL treng meir areal i kommande planperiode, når dei ikkje utviklar og nyttar dei areala idrettslaget alt disponerer i dag og kvifor framtidig idrettsanlegg treng lokaliserast i nærleik til eksisterande og nye bustadområde.</p> <p>Det blir opplevd at det blir lagt ei uforholdsmessig stor byrde på eigedomen med omsyn til grøntområde/eventuell framtidig idrettsanlegg i framlegget til arealdel.</p> <p>Tidlegare framlegg til planen, datert 30.08.2017, er meir i tråd med grunneigar sine ønskjer, og ber om at Giske kommune tek omsyn til dette og endrar planen om framtidig idrettsanlegg og justerer området til framtidig grønstruktur lenger mot nordaust. Alternativt å behalde idrettsformålet som LNF, som i gjeldande plan.</p>	<p>Utviding av idrettsformål er gjort utifrå kvalifiserte vurdering av mogleg arealbehov med den bustadutviklinga som det blir lagt opp til på Roald. Dersom arealet nord for Rota blir lagt ut til bustadformål, vil ein for framtida hindre alle utvidings moglegheiter på Rota stadion.</p> <p>Giske kommune ønskjer at idrettsanlegget blir lagt mest mogleg sentralt, slik at flest mogleg kan gå/sykle til anlegget. På Vigra er det på Roald det i framtida vil bli størst befolkningsauke.</p> <p>Areal til utbyggingsformål vil måtte bli kjøpt til marknadspris.</p> <p>BIAvi_2 blir endra til LNF-formål – reserveareal for framtida.</p>
69	Klara og Kåre Andersen	<p>Søker om å få ei bustadtomt på del av gnr./bnr. 1/1, omdisponere LNF – areal. Eigedomen er på om lag 26 daa. Garden er ikkje lenger drivverdig som sjølvstendig eining.</p>	<p>Omsøkt omdisponering blir ikkje teke til følge på grunn av at merkningen kjem for seint i prosessen. Må vurdere å søkje dispensasjon.</p>
71	Ella O R Bostad	<p>For gnr./bnr. 1/29 er det ønskeleg at grense mellom bustad/friområde ved Mallavika blir justert lenger mot nord/ nordaust, val mellom to alternativ. Dette vil medføre at den fremste/nedre bustadrekka i feltet blir liggande mest mogleg på rekkje med tilsvarande rekkje i eksisterande bustadfelt (Mallavika) og gjev eit meir heilskapleg preg.</p>	<p>Fråsegn ikkje teke til følge. Spesielt på Roald er det ønskeleg å sikre areal i strandsona mot utbygging. Det er ikkje ønskeleg at det blir bygd innanfor 100 – metersbeltet til strandsona. Omsøkt areal vil kome inn i 100- meters beltet til strandsona.</p>
72	Hans-Jonny Blindheimsvik	<p>Det står omtalt at innlagd gang- og sykkelveg vest på Vigra vil verte ei forbetring, men det sår ikkje for kven dette vil vere ei forbetring for. Forbipasserande turgårar, syklistar frå andre delar av Vigra, kommunen? Dei som bur i Blindheimsvika og vestover Synesvegen vil framleis ha dagens og framtidig støybelastning frå biltrafikken som passerar. Ved regulering av Ålesund lufthamn Vigra var det omtalt 1000 bilar per dag på Sørestrandvegen/Blindheimsvika. I tillegg må dei leve med flystøyen. Kommunen har lagt opp til meir bustadbygging vest på Vigra som vil medføre ytterlegare trafikkauke. I staden for å investere i gang- og sykkelveg er det moglegheit til å bruke desse investeringane slik at dei kjem dei som bur vest for flyplassen til gode i staden for dei som berre passerer forbi. Det kan avlaste dei som bur i Blindheimsvika og vestover med å planleggje omlegging av Synesvegen, jamfør innsendt framlegg i mai 2017. Vedlagt liste over dei som bur langs Synesvegen vest for flyplassen, 10 av desse får rasert hagen på framsida av husa med gang- og sykkelveg.</p>	<p>Gang- og sykkelveg/fortau blir vurdert som ei betre løysing enn ny veg gjennom landbruksområde, og truleg lettare å realisere, ikkje minst økonomisk. Gang- og sykkelveg/fortau gjere det betre også for dei som bur i området, med blant anna tryggare ferdsel for både mjuke og harde trafikantar. For støy må andre tiltak bli nytta.</p>
73	Hans Petter Furnes	<p>Furnes marina har berre ein veg å vekse på, og det er austover, om dette arealet blir omdisponert til industri og bustadar er utviding stengt. Framlegget legg opp til omdisponering til bustad og blokk, noko som kommunen har gevinst på, ser med forundring på dette då det skal vere sjørelatert verksemd nedanfor vegen. Roald er fiskerihamn og kystverket har ikkje godkjent framlegget. Dette var viktig når området vart kjøpt, er det å forstå at Giske kommune har forandra mening? Då har Giske kommune forandra mening, det er ikkje klare retningslinjer for kva og kvar det bør bli drive industri. Det held ikkje med 5 eller 10 års planlegging, ein må sjå lenger enn det. Anna som er vanskeleg å forstå er kvifor så mange bygg forfell på Roald og den som kjøper opp bygg ikkje held dei ved like. Dette er noko som kommunen må sjå på før det er for seint, om det er moglegheit til å påverke grunneigar. Industri og bustadar/torbuer går ikkje saman, noko som har vore prøvd før utan hell.</p>	<p>Arealplanen er grovmaska, og i tillegg er det arealbruken i dette området nytta formål med mange underformål. Det er difor først ved regulering arealbruken blir avklart.</p> <p>Kommunen kan berre leggje til rette for ei ønska utvikling på Roald, innbyggjarane må stå for utføring.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
74	Lars E Haahjem	For gnr./bnr. 1/202 og 254 i Roald hamn blir desse eigedomane delt av høvesvis BSvi_1 og VHSvi_1. Av omtalen er det forstått at VHSvi_1 er næring og tenesteyting, medan BSvi_2 er sentrumsformål, med mange underformål. Stiller seg undrande kvifor eigedomen har vorte delt slik? Formåla for begge er nokså like sidan begge legg til rette for verksemd, men det er ikkje omtalt kva verksemd det er opna for.	Arealplanen er grovmaska, og i tillegg er det arealbruken i dette området nytta formål med mange underformål. Det er difor først ved regulering arealbruken blir avklart. Kommunen kan berre leggje til rette for ei ønska utvikling på Roald, innbyggjarane må stå for utføring.
75	Britt V. Tyrholm	Befolkingskonsentrasjonen kjem i første omgang til Roald, Roald blir det nye Valderøya på Vigra, noko som kan vere positivt. Giske kommune må også i framtida ha ein balansert befolkningssamansetning. Slik utvikling er både ressurs og moglegheit som må bli teke vare på og støtta opp under Befolkningsutvikling medfører mellom anna behov for at det blir lagt til rette for gode møteplassar for folk flest. Dette er viktig for område med stor tilflytting for å skape gode bumiljø. Det er eit behov for å gjere Roald sentrum til eit levande sentrum med kafé, butikkar og leilegheiter. Dette er ikkje kommunen sitt ansvar, men er ei av oppgåvene til kommunen å leggje til rette for ei slik utvikling. Sentrumsformålet på Roald er ein potensiell skatt som må bli teke vare på og utviklast til noko anna enn det er i dag. Det er mogleg å kombinere næringsliv, serviceindustri/verksemd med butikk og bustad. Arealplanen må i større grad tydeleg gjere at arealplanen støttar under omtalt og ønska utvikling på Roald.	Arealplanen er grovmaska, og i tillegg er det arealbruken i dette området nytta formål med mange underformål. Det er difor først ved regulering arealbruken blir avklart. Kommunen kan berre leggje til rette for ei ønska utvikling på Roald, innbyggjarane må stå for utføring.
77	Svenn Rune Roaldsnes	Det er ikkje lagt inn i arealplanen ny trase til flyplassen. Med tanke på all trafikk som går til flyplassen og at det stadig blir lagt til rette for meir bustadbygging på Vigra, bør det tenkjast på å setje av areal til ein potensiell ny veg til flyplassen i ny arealplan, og ikkje hindre ny veg i framtida.	I planomtalen er det lagt føringar for ny veg til flyplassen på vestsida av Vigra.
82	Martha og Knut Støbakk	Det blir stilt spørsmål over at Bvi_19 er lagt inn, kva med silhuett ved ei slik utbygging. Fylkesmannen stoppa heldigvis slik regulering for Røsviklia på grunn av silhuett. I tillegg vil skogen som er der bli rasert.	Det vil ikkje bli silhuett verknad då det stort sett er høgare terreng i bakkant, men området vil bli godt synleg frå søraust. I hovudsak vidareføring av kommuneplanen frå 2009.
83	Amanda og Jan-Arve Roaldsnes	Kan ikkje sjå at argument mot å leggje inn bustad på gnr./bnr. 4/161 kan vere argument mot vidare utbygging i området elles. Dette var ikkje argument tidlegare. Ordlyden ikkje ønskeleg kan drøftast. Kva er grunnen til å ikkje omdisponere til bustadformål på grunn av høgde? Bustadar på Valderøya er bygd på 75 moh, på Godøya 89 moh. Omsøkt område grensar til eit alt godkjent byggjefelt, der utvidinga vil verer naturleg fortsetting/forlenging. Kommunen har som må å vere i vekst og ha fokus på tilrettelegging og investering i sosial infrastruktur. Området ligg i gå avstand av både kyrkje og bedehus. Lokalbutikk finns også i nærleiken. Det er eit område kommunen burde ønska vekst for, då det ligg til rette for møtestadar og sosiale aktivitetar. Det vil også vere gangveg til Vigra skule og Vigrhallen slik at barn og unge kan gå eller sykle til/frå daglege aktivitetar som skule og idrett. Området grensar mot eit område kommunen ønskjer å utvikle, den politikken som kommunen fører for vekst, burde det drøftast om det verkeleg ikkje er ønskeleg med bustadar i dette området. Omsøkt område vil liggje landleg i eit område som korkje blir nytta til landbruk eller som har turstiar. Området vil gje attraktive tomter med fin utsikt.	Framlegg om å ikkje leggje inn. For høgde må det vurderast ut frå det området det gjeld, ikkje andre område med andre føresetnadar. Det er ikkje naturleg utviding å leggje ut eit utbyggingsområde som ei vorte på eksisterande bustadformål og på eit anna høgdenivå. Naturleg utviding ville vere å utvide mot aust heile vegen langs eksisterande. Kommunen legg opp til vekst, men det er ønskeleg å styre veksten. Det har vorte sagt nei til andre bustadområdet ved Reset til 1. gongs offentleg ettersyn. Byggja vil også bli godt synleg frå aust, meir enn dei husa som alt er bygd.
86	Sigbjørn Furmyr	For BKBvi_3 er det i 50 % av formålet opna for betalingsparkering. Dette vil vitalisere og utvikle området og kan ha særleg stor betydning for næringslivet både i Vigra næringspark og heile Giske kommune. Føresetnad for at dette skal fungere på ein god og effektiv måte er at det må gjelde 50 % av kvar enkelt tomt, ikkje 50 % av heile formålet utan fordeling på tomter. I motsett fall vil slike retningsliner bidra til: <ul style="list-style-type: none"> • Tilfeldig forfordeling av føremonar som areal til betalingsparkering gjev • Betalingsparkering vil bli ei «mjølkeku» som gjev betydeleg inntekter for ein eller nokre få areal/grunneigarar, medan resten av areala vil ha tilsvarande negativt utbytte • Stagnering av næringsutviklinga i området Vigra næringspark i lang tid framover Det må presiserast at retningslinje for at 50 % av BKBvi_3 kan opnast for betalingsparkering, må innehalde ei presisering om at nemnde 50 % primært skal gjelde for kvar enkelt tomt.	Det blir ikkje lagt opp til endring av retningsline. Utvikling av området må gjerast uavhengig av eigedomsgrenser.

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
87	Sigurd Furnmyr	<p>Til 1. gong s offentleg ettersyn vart det bedd om at sørleg del av gnr./bnr. 3/20 (om lag 6 daa) blir omdisponert til idrettsformål. Arealet har same eigar som mc-bane og ligg som naturleg forlenging av dagens mc-bane og blir avgrensa i sør av den nye hovudvegen nord for rullebana. Arealet er myr og har aldri vore dyrka. I framlegg til 2. gongs offentleg ettersyn er det lagt inn eit mindre areal lenger aust, dett er ikkje tenleg av di:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det har ikkje tilstrekkeleg storleik for å stette dagen sparkeringsbehov • Dårleg arrondering • Det ligg heilt inntil avkøyrsl hovudvegen, dårleg sikt og mykje aktivitet inntil hovudvegen • Man får blanda trafikk på internveg (mjuk og motorisert ferdsel) • Eigar har signalisert at det ikkje er ønskeleg å leige ut/selje areal til dette formålet. 	Merknad delvis teke til følge, BIAvi_3 er utvida mot vest med om lag 1.5 daa. Endringa blir vurdert til gje små negative konsekvensar.
80	Solveig H Roald	Ønskjer å oppretthalde merknad om å omdisponere areal på Roald. Det er veldig vanskeleg å drive gard i Roald sentrum med hus rundt heile området. Bør sjå til dei vurderingane som dei to masterstudentane hadde då dei jobba med det framtidige Roald. I alle 4 alternativ som vart utarbeidd ligg omsøkt areal som bustadformål.	Det er lagt ut mykje areal til bustadformål på Roald, det er ønskeleg at det blir bygd ut minst mogleg spreidd. Områda ligg innanfor kjerneområde landbruk. Masterstudentane hadde eit lenger tidsperspektiv på sine alternativ.
91	John I Synnes, Einar S Synnes, Astor Synnes og Kurt Synnes	Framlegg til flytting av formålsgrænse. Har vore i kontakt med Blindheim Samdrift DA som driftar eigedom. Dei hadde ikkje innvendingar mot at grænse blir flytta. Arealet ligg hovudsakleg i skrånande terreng som ikkje blir slått. Samtidig er dette det beste arealet til bustadformål.	Syner til A-ref. 42. Nytt bustad område er lagt nesten inntil landbruksareal som er lett å drift mekanisk. Blir bustadarealet trekt lenger nord, vil dette gå utover landbruksareal. Merknad ikkje teke til følge.
92	Janne Britt Molnes og Jakob Molnes	Med bakgrunn om at det tale om ei sær stor trebygning som er over 100 år (jamfør fråsegn 16/5) og at denne no står for fall etter fleire orkanar, ber ein om at utvalet på nytt vurderer ei omdisponering av området. Dette vil vere ei absolutt føresetnad for at ei sanering av anlegget skal vere gjennomførtbart. I motsett fall vil naturen måtte gå sin gang med dei farar dette vil medføre for bustadar og folk i området.	Framlegg om å ikkje leggje inn i arealdelen Ikkje ønskeleg å leggje til rette for bygging i 100-metersbeltet i strandsona eller meir utbygging på sørsida av Molnesvegen.

MERKNADAR TIL VALDERØYA

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
3	Frode Mauren m.fl.	<p>Korleis kan kommunen skrive i framlegg til dokument til kommuneplanen at «Det er IKKJE gjort noko politisk vedtak om at bygga på gnr. 185 bnr. 346 skal skattleggast som rorbuer» når det eigarane i 2013 mottok følgjande vedtak frå Giske kommunestyre:</p> <p>«Giske kommunestyre vedtek gnr.185/bnr. 346/snr.2 som eigedomstype: Fritid – altså fritidseigedom, som skal skattast deretter. Dette blir understreka også på s. 2: «Detaljert grunnlag for takst og skatt», der det blir anført grunnlaget for skattlegging er – sitat: «Matrise for å taksere rorbu». Vil minne om at naust ikkje skal skatteleggast i det heile teke. Dette er eit enkelt vedtak gjort av Giske kommunestyre i 2013, som det blir påstått ikkje har vorte gjort, er ikkje vedtak i Giske kommunestyre verdt noko som helst? Å blande inn at det ikkje vart klaga på eigedomsskatten blir heilt useriøst, vedtaket er i tråd med det mandat kommunestyret vedtok for skattelegginga, og korrekt slik sett, men då må kommunen ta ansvar for det mandat man ga ifm takseringa.</p> <p>Vil ha eit klart og tydeleg svar som undertekna har venta på i over 3 år:</p> <p>Er det greit for Giske kommunestyre å operere med eit vedtak når det er snakk om pengar inn til kommunen og eit anna når eigedomen skal brukast.</p>	Vidare oppfølging i denne saka skjer uavhengig av planprosessen til arealplanen. Arealbruken for gnr./bnr. 185/346 blir vidareført som naustformål.
7	Landbruk	<p>I hovudsak er reine overskotsmassar jordmassar til jordforbetring. Norsk landbruksrådgjeving har starta opp utarbeiding av rettleiar for god handtering av reine overskotsmasser (organisk jord og mineraljord frå utbyggingsområde). I dette heftet blir det lagt vekt på god fagleg tilnærming til gjenbruk av denne ressursen. Ein god gjenbruk av jord er avhengig av at prosessen med flytting og tilførsel av jord på nye område skjer på ein fagleg god måte. Målet må vere å etablere jorda som veksestad for kulturplanter, enten som jordforbetring på skrinne mark eller som betra arrondering av tungdrevne areal. Ei like viktig side er dei føringane kommunen måtte finne å leggje på aktørar i ulike prosjekt der flytting og gjenbruk av jord er tema. Landbruk ynskjer å få avklart kva som må til for at kommunen kan sikre seg tilgang til å leggje føringar i arealplanar for gjennomføring av prosjekt der overskotsmasse inngår. (kommune(del)planar, reguleringsplanar, tiltak).</p> <p>Landbrukskontoret ønskjer å vere delaktig i utarbeiding av gode løysingar for gjenbruk av reine jordmassar. Det må vere ein plan for sortering av ulike jord-steintyper. Vidare må mottakar vere på plass, både mellomlagring og direkte levering til tiltaksområde. Mellomlagring bør kommunen ha kontroll med. Det er gode døme er jordmassar har løyst utfordringane med mottak, sortering og etablering av nye gode grasareal.</p>	Leggje til ny retningslinje om at ny rettleiar frå Norsk landbruksrådgjeving skal nyttast ved overskotsmasse handtering. Vurdere å ta inn problemstillinga ved rullering av landbruksplanen.
13	Alnes Panorama as	<p>I samband med 1. gong offentlig ettersyn vart det informert om idrettslaget sitt hovudstyre vil levere merknad til framlegg til arealbruk ved Valdervoll (turisthytte-prosjekt) Dette til tross for at Alnes Panorama har arbeidd med dette prosjektet i over tre år i forståing med I.L. Valder sin leiar. I denne perioden har ein i god tru hatt betydelege kostnader og brukt mykje tid på prosjektet. I same telefonsamtale var det opplyst om at idrettslaget per i dag ikkje har bruk for det aktuelle arealet, men at det mogleg behov om nokre tiår på grunn av befolkningsvekst. Kva arealet skulle nyttast til er uklart. Alnes Panorama ønskjer derimot å gå i gang med prosjektet så snart arealdelen er ferdig rullert. Foreslår difor at Giske kommune legg til rette for eit tilsvarande areal i den sørlege delen av I.L. Valder sitt anlegg og lar hytteområdet liggje slik kommunen sitt framlegg syner.</p> <p>I dialog med planavdelinga vart ein fortalt at fylkeskommunen ikkje ville akseptere nedbygging av det aktuelle området, for å oppretthalde grøn buffer mot fornmine i nord. Alnes Panorama sitt framlegg med små hytter godt innpassa i terrenget ville gje ei mjuk overgangssone mellom utmark og idrettsanlegg og vart difor innarbeidd i framlegg til ny arealdel.</p>	Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentlig ettersyn. Det vart ikkje gjort vedtak om å leggje inn formål fritids- og turisme. Syner til sak F-087/17 og F-88/17 .

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
13	Forts. Alnes Panorama as	<p>Dersom formannskapet nå skulle velje å ta omsyn til idrettslaget sin merknad, vil mogleg resultat vere at verken I.L. Valder eller Alnes Panorama får byggje på den aktuelle arealet. Ikkje akkurat ein vinn – vinn situasjon.</p> <p>Hyttene er arkitektteikna og skal plasserast audmjukt inn i landskapet utan varige synlege inngrep i terrenget bortsett frå ein smal grusa sti fram til hyttene. Hyttene frå grunnflate på om lag 22 m², dei skal ikkje ha terrasse eller uteplassar som privatiserer området. Materialval og fargar skal bidra til at dei blir oppfatta som del av det naturlege terrenget. Gamle sæterstølar skal vere eit godt forbilde. Anleggsvegen skal fjernast etter at hyttene er på plass og alt råka terreng stellast slikt at det gror tilbake til det naturlege landskapet raskast mogleg. Hyttene står på små pålar. Det gjev både minimale inngrep i terrenget og gjev moglegheit for å reversere heile inngrepet. For å redusere behovet for tekniske leidningar og grøfteførignar, blir hyttene planlagt at hyttene skal få straum frå solcellepanel, og vatn frå regnvatn samlar. Det blir også vurdert biowc for ytterlegare redusere behov for kommunal infrastruktur i området. Hyttene har som målsetting å vere eit pilotprosjekt for berekraftig turisme i området og vil bidra til kommunen si målsetting for reiselivet.</p> <p>Vidareutvikling av næringa. Både gjestane og andre brukarar av området skal oppleve hyttene som ein del av landskapet, respektfullt plassert inn mellom eksisterande tre og lyngrabbar. Dei får alle eit stort utsikts vindu mot havet, men utan vindu mot «Utom fjellet» stien. Gjesten skal få følelse av å bu i tilnærma urørt natur. Prosjektet vil ikkje på nokon måte avgrense fri ferdsel i området. Ber om møte med formannskapet saman med I.L. Valder for forhåpentlegvis finne felles løysing.</p>	Del av arealet er sett av til idrettsformål og regulert til idrett. Dette arealet kan det byggjast på.
15	Ann Helen Roaldsnes, på vegne av Fride, Elena, Tuva, Andream Amalie, Vilde, Salmoe, Nora og Moses (2 til 14 år)	<p>Har høyrte at det snakk om å endre arealbruken i Blomvika, med å leggje til rette for kai utbygging. Fjøra i Blomvika mellom Hofseth og Optimar er friluftsområdet til underteikna. Til dette området er det sykkelavstand og kan difor ta ein kjapp dukkert medan foreldra er på jobb. Mange av barna på Oksneset badar her og ein kan ta med vennar hit. Området blir ikkje berre nytta til bading, men leiting etter grønkrabbar, kanopadling langs heile Blomvika, jonsokfeiring og bål og grilling om hausten.</p> <p>Området er no regulert som friluftsområde, men er redde for at dei som bestemmer let pengar og utbytte gå først og at utbygging av kaiområdet dessverre skjer slik at framtidige born ikkje får bruke Blomvika slik som underteikna. Det ligg industri på begge sider av Blomvika, og av og til er det forureining slik at ein ikkje får lov til å bade. Kan ikkje ha meir industri i området – det blir for store inngrep i naturen. På Valderøya blir det bygd hus overalt, før kunne ein ha hemmelege stadar der ein kunne byggje hytter å leike med. Fleire stadar i strandkanten på Valderøya er ein ikkje velkomen, nokre har vorte kjefta vekk frå privat molo og naustområde blir privatstrender.</p> <p>Blomvika er friluftsområde, den må vernast om. Dersom industrien kjem tettare blir det meir av sjenerande lukt og meir avlysing av bading på grunn av forureining. Blomvika må bevarast som den er.</p>	Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentlig ettersyn. Det vart ikkje gjort vedtak om å fjerne kai og næringsformål i Blomvika. Syner til sak F-087/17 og F-88/17 .

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
17	Alnes Panorama as	<p>Alnes Panorama har hatt kontakt med I.L. Valder, dei har takka ja til møte, men det har ikkje vore mogleg å få til eit slikt møte før formannskapsmøte 15. september. Alnes Panorama har kome med framlegg om å ta kostnaden med å totalrenovere det gamle klubbhuset for felles bruk, asfaltering og stelling av arealet rundt klubbhuset og få på plass overbygd del på klubbhuset der turistattraksjonar bak fjellet kan presenterast.</p> <p>Det blir synt til kva kommunen sin planleggar fortalte om nærleiken til fornminne i området rundt Skjonghellaren og dialog med fylkeskommunen. Utleige mikrohytter vil verken privatisere området eller forstyrre området visuelt. Hyttene vil dessutan gje så marginale inngrep i terrenget at dei er mogleg å fjerne utan spor dersom det skulle bli aktuelt. På dette grunnlaget hadde ikkje Fylkesmannen og fylkeskommunen merknadar til planframlegget. Dersom formålet blir endra til idrett, er det grunn til å tru at fylkeskommunen vil krevje at kommunen må sende endring ut på avgrensa høyring og vurdere den opp mot same strenge kriterier som hyttene vart vurdert opp mot. Idrettsanlegg vil då neppe vere eit tilfredstillande formål.</p> <p>Reknar med at kommunen er føreseielege i eit prosjekt som det politiske miljøet har vore positive til sidan det vart foreslått for fleire år sidan, samt at kommunen sitt ønske om fleire reiselivstilbod nå blir kvittert av næringslivet.</p>	<p>Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentlig ettersyn. Det vart ikkje gjort vedtak om å leggje inn formål fritids- og turisme. Syner til sak F-087/17 og F-88/17.</p> <p>Formål for idrett blir ikkje endra, det er ei vidareføring av arealbruken.</p>
23	Lidvor Hanken	<p>Det har vore dialog med fylkeskommunen og Giske kommune om 7,5 daa som er bandlagt til fornminne/grøn arealbruk på gnr./bnr. 183/23. Det er ønskeleg å setje i gang med detaljplanlegge bustadfelt på eiegenomen for å skape eit område det er attraktivt og triveleg for barn og vaksne å bu. Delar av området som er lagt ut som grønt areal kan vere passande til å lege leikeplass og friområde for å skape eit triveleg og grønt miljø i eit bustadfelt. Det vil vere naturleg at ei slikt parkområde/leikeplass kan leggjast til det som eventuelt syner seg å vere det området der det ikkje kan byggjast på grunn av fornminne.</p> <p>Området som er sett av til fornminne er eit veldig stort område. Det er ønskeleg å gå dei rundande som trengs for å få vurdert dette skikkeleg, fylkeskommunen er positiv til det. Det er ønskeleg at området framleis skal vere gult (bustad) som i den gamle kommuneplanen. Dette vil gje meir tid til å kunne detaljplanlegg området mellom gamle Blomvikveg og Industrivegen. Grunneigarar i området ønskjer å gå saman og planlegge og sjå heile området i heilskap. Alternativt til tilbakeføring til gult er å leggje inn retningsline om at arealbruken kan avklarast gjennom regulering.</p>	<p>Merknaden var handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentlig ettersyn. Det vart ikkje gjort vedtak om å endre arealformålet, men det vart lagt inn retningsline om at arealbruken i området skal avklarast i samband med regulering. Syner til sak F-087/17 og F-88/17.</p>
26	Frode Mauren	<p>Sikringssone for fornminne er lagt heilt inn til naustveggen ved gnr./bnr. 185/346. Området ved naustveggen blir nytta til lagring av teiner etc., vidare går det ei større drensleidning i området frå Trollhaugen i dette området. Seinast i fjor var det større maskiner frå kommunen og utbetra den. Også i høve vedlikehald er det ikkje ønskeleg med ei grense kloss i naustveggen. Ber også om at naustområdet blir trekt heilt ut til tomtegrensa.</p>	<p>Merknad blir delvis teke til følge, naustformål blir trekt noko lenger mot vest Grense for omsynssone kulturmiljø blir trekt lenger vekk frå bnr. 346 grunna VA-leidningar i området..</p>
34	Giske seglsportsenter	<p>Referat frå møtet:</p> <p>Hovudtrekk som vart diskutert/avklart:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Giske seglsportforening orienterte om moglegheit for å flytte ønska område for seglsportsenter til området mellom Staurneset og fylkesvegen. • Føresetnad for å gjennomføre endring av stad for seglsportsenteret er: <ul style="list-style-type: none"> ○ Politisk handsaming ○ Nytt offentlig ettersyn, det kan vere mogleg med parallell høyring av dette området med arealdelen som no er ute, må avklare med offentlig mynde ○ For eventuell endring av arealdelen må dokumentasjon for ønska endring bli sendt inn snarast. 	<p>På grunn av motsegn blir BIAva_1 teke ut av planen.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
34	Giske seglsportsenter	<ul style="list-style-type: none"> • Spørsmålet må avklarast politisk og med offentleg mynde: <ul style="list-style-type: none"> ○ Ordføraren stiller seg positiv til å leggje framlegg til endring på høyring ○ Fylkeskommunen stiller seg positiv til å leggje framlegg til endring på høyring <p>Fylkesmannen har gjeve svar per epost, og antydar høyringstid på seks veker, sjå vedlegg.</p>	Det kom ikkje merknad om ny lokalisering.
35	Petter Sæther, Ola Storheim, Hans Einar Sæther, Kåre Sæther	<p>Referat frå møtet:</p> <p>Hovudtrekk som vart diskutert/avklart:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arealbruken i området vart diskutert; nærings – og kaiformål i Blomvika, LNF-areal vs. bustadformål, offentleg og privat tenesteyting (barnehage) <p>Kommunen oppfordra til at det blir sendt inn felles merknad frå grunneigarane, der ønska arealbruk er teikna inn på kart.</p>	Arealbruken i området blir vidareført i samsvar med vedtak i kommuneplanutvalet som vart lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn.
38	IL Valder	<p>Referer til tidlegare kommentarar frå IL Valder og Alnes Panorama og møte med Alnes Panorama 18. september. Dette vart diskutert i hovudstyremøte i IL Valder i oktober. IL Valder er positive til utvikling på øya, og har ikkje noko mot prosjektet. IL Valder ønskjer å ha eit godt forhold til sine naboar. Det som er problematisk for hovudstyret er at areal til idrettsformål skal omregulerast til andre formål. Det er IL Valder mot. Dersom arealet blir idrettsareal og prosjektet blir tilpassa (flytta nordover) har IL Valder ikkje noko imot det. Dersom Giske kommune vil omdisponere arealet, til tross for IL Valder sine merknadar, vil IL Valder gjere det beste ut av situasjonen. IL Valder ønskjer at område øymerka til idrett blir slik i framtida.</p>	Det blir ikkje lagt opp til å redusere areal sett av til idrettsformål ved Valder. Arealbruken som synt ved 2. gongs offentleg ettersyn blir vidareført; vidareføring av kommuneplanen frå 2009.
40	Lidvor Hanken	<p>Takkar for positive signal med omsyn på regulering til bustadformål på Oksneset. Det er ikkje råd å endre heile grønt området til bustad, men det grøne området kan reduserast og bli nytta som leikeplass/trivselsområde for heile bustadområdet.</p>	Teke til vitande.
43	Ole M Sæter	<p>Som eigar av gnr./bnr. 189/11 og 189 blir det bedd om følgjande endringar:</p> <p>Gnr./bnr. 189/11 må endrast til bustadføremål frå LNF. Med dei endringane som ligg i framlegget etter siste uthenging finns det i dag ikkje grunn til at resten av eigeidomen skal vere LNF. Forstår på møtet at dette vart stadfesta av Frisvold.</p> <p>Naust/småbåtområde BAB_va3 i Blomvika er for lite og bør utvidast mot nordvest for å styrkje friluftsliv og sjøliv. Det blir stadig fleire som bur på Valderøya, og både nye bebuarar og dei som bur på Valderøya frå før ønskjer tilgang til fjøra og sjøen, der difor viktig at området for naust/småbåthamn/badeplass blir utvida.</p> <p>Om hovudlinjene i planen blir vedteken som siste framlegg legg opp til med utvida areal til hamneformål, vil fleire grunneigarar miste tilgang til sjøen for nausta sine. Dette må i tilfelle kompenseras ved at området for naust og småbåthamn blir utvida for fleire naust. Dei som etter planen mistar sjøtilgang for nausta sine må få fullgod erstatningar og setjast av plass til nye naust.</p>	Arealbruken i området blir vidareført i samsvar med vedtak i kommuneplanutvalet som vart lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn.

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
46	Ada Hanssen, Janne Blindheim, Hans E Sæther, Petter Sæther, Ola Storheim	Som grunneigarar ber ein om følgjande endring: Del av området gnr./bnr. 189/4 og 31 bør leggjast ut til bustadføremål. Med dei endringane som er gjort i dette området, finst det ikkje grunn til at dette området skal vere LNF. Dette vart stadfesta av Frisvold, så det blir oppfatta som ein forgløyning at arealbruken ikkje har vorte endra. Naust/småbåtområde vil bli ein så stor verdi for området og i tråd med vurderingskriterium frå samfunnsdelen; styrking av sjøfriluftsliv, småbåthamn, naust og tilgang til strandline for alle. Naust /småbåtområde må utvidast mot nordvest og sørvest, heilt til dagens industriområde med ei naustrekkje som naturleg skilje mellom industri og bustad. På Valderøya er det i dag for få badeplassar igjen, det er difor viktig å ta vare på dette området med sandstrand slik at det blir sikra fri tilgang til fjøra og sjøen. Med tanke på den industrielle veksten i kommunen og tilgang på arbeidskraft, så er det viktig å leggje til rette for attraktive bustadområde.	Arealbruken i området blir vidareført i samsvar med vedtak i kommuneplanutvalet som vart lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn.
47	Leif Kristian Skjong	Det har vorte sett at til grøntareal framføre gnr./bnr. 188/119. Det ligg ikkje føre avtale om tilflott over nabo (gnr./bnr. 188/118. Ber dermed om at grøntareal framfor bnr. 119 blir fjerna for å få tilflott. Syner til skøyte og utskrift av rettsbok, der det går fram av eigeidomen har bruk sjøbod/sjøhus. Ber om at denne tomta får slik status i arealdelen.	Ikkje ønskeleg at det blir lagt til rette for å øydelegge svaberg inntil friområde. Tilflott kan skje mot naboeigedom mot sør.
48	MNJC Holding AS	Eigar av gnr./bnr. 186/6 og 9 samarbeidar om massedrift i fjell, og vil starte detaljregulering av området etter arealplanen er godkjent. Det blir sett på alternativ infrastruktur frå rv. 658 og mot hamn i ny trase i fjell til nytt hamneanlegg i Blomvika.	Det kan ikkje leggjast opp til ny avkøyrsløse frå rv. 658. Det er i dag tilkomst til Sætedalen via fv. 133 og kommunal veg. Tunell i fjell til Blomvika må vurderast i samband med regulering.
53	Nils L Skjong, Halvard Skjong, Hans L Skjong	Korrekt grense mellom marina og friområde Grense mot friområde i gjeldande reguleringsplan, vart kommunen umiddelbart etter vedtak gjort oppmerksame på at den var galt plassert. Tilbakemelding då var at dette kunne justerast når marinaen skulle byggjast, skiljast ut. Sidan har det ikkje skjedd noko. Ny arealplan skal vere meir nøyaktig og då må dette rettast opp. Grensen må setjast ut frå naturgjevne tilhøve på staden. Det som er regulert til badeplass er no ei steinur med større steinar. Denne sluttar mot bergknausar som lagar eit naturleg utgangspunkt for molo. Denne moloen skal gå frå berget og ut over grunne i sjø, som er avgjerande for at molo blir bygd. Steinura skal nyttast i moloen, elles blir det ikkje badeplass. Når steinura er fjerna kan det opparbeidast strand/badeplass, og moloen fører til at sand kan samle seg og bli liggande. Dette er nøkkelen for både marina og badeplass kan bli realisert. Med slik makebyte vil det totale arealet til friområde auke og friområdet har ikkje annan plass til servicebygg/boss. Vegtrase for turveg til friområdet Det er i dag ikkje tilkomst til friområdet. Når tomt gnr./bnr. 186/605 vart regulert, vart ikkje vegløyning ikkje justert. Enkel løysing er å leggje ein fire meter brei vegtrase i søre byte med bnr. 605 og så lang vest som marinaområdet ligg. Det er heilt nødvendig å ha ei form for veggrunn i heile denne lengda. Justering av køyreveg Praktisk justering av køyreveg på marinaområdet som gjeld veg sør for tomt gnr./bnr. 186/251. Sør for tomta er det ein trekant som blir liggande i ingenmannsland. Det ønskeleg at vegen blir flytta inntil byte på bnr. 251, grense for marinaområde justerast tilsvarande.	Ikkje ønskeleg å endre arealbruken i dette området i kommuneplanen sin arealdel. Vurdere planendring gjennom regulering. Veg som skal betene areal landdelen av småbåthamna kan byggjast innanfor regulert areal. Det blir lagt opp til å justere areal sett av til bustad til naustformål. Det blir sett krav om planendring før området kan nyttast. Areal aust for denne parsellen blir justert slik at det er samsvar med reguleringsplanen i området.

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
57	Alnes Panorama as	<p>Framlegg til ny løysing for hytter ved Valder. Framlegget er i samråd med I.L. Valder og er trekt lenger nord enn areal sett av til idrettsformål, men ligg framleis delvis innanfor det området som opphavleg har vore framlegg om. Det blir difor ikkje konflikt mellom turisme og idrettsformål. Framlegget held seg til 40 m byggjegrænse til riksvegen, det ligg utanfor rasfarleg område og sør for omsynssone kulturmiljø. Prosjektomtalen er ikkje endra:</p> <p>Hyttene er arkitektteikna og skal plasserast audmjukt inn i landskapet utan varige synlege inngrep i terrenget bortsett frå ein smal grusa sti fram til hyttene. Hyttene frå grunnflate på om lag 22 m², dei skal ikkje ha terrasse eller uteplassar som privatiserer området. Materialval og fargar skal bidra til at dei blir oppfatta som del av det naturlege terrenget. Gamle sæterstølar skal vere eit godt forbilde. Anleggsvegen skal fjernast etter at hyttene er på plass og alt råka terreng stellast slikt at det gror tilbake til det naturlege landskapet raskast mogleg.</p> <p>Det kommersielle går på at dei som bur der skal få eit inntrykk av at hyttene passar inn som ein naturleg del av området, midt mellom tre og lyng, men at alle hyttene har eit klart utkikspunkt mot havet medan ein sit inne i hytta med høg opplevd kvalitet. Tre blir ståande som ein viktig del av skjerming mellom hytter og mot Utom fjellet stien og som ein viktig del av å bu i urørt natur. Det blir arbeidd sama med I. L. Valder om parkering og ny bruk av det gamle klubbhuset for generell turistformål for Utom fjellet stien, men også resepsjon for hytteprosjektet.</p>	Kommunen ønskjer å setje markagrense langs nordleg grense av idrettsformålet, ikkje leggje til rette for utbygging lenger nord enn dette.
61	Marit Lensjø m. fl.	<p>Sameigarane på gnr./bnr. 183/35 teig to i Skaret ønskjer å endre parsellen til bustad frå LNF. Området ligg inntil eksisterande bustadområde i Skaret, om lag 19 daa. Området er del av nærområdet, gangavstand til barneskulen og barnehage, friluftsområde og tursti rundt fjellet. Med siste års utbygging i området vil det vere gunstig å nytte området til bustad, for i større grad nytte etablerte sosial – og teknisk infrastruktur i dette området. I arealdelen er det ønskeleg med utviding av eksisterande bustadområde og fortetting på Valderøya.</p>	Ikkje leggje inn. Dagens «markagrense» (kommuneplanen sin arealdel 2009) mot fjellet skal vidareførast.
62	Marit Lensjø m. fl.	Same merknad som over.	
67	Anita og Hilde Uggedal, på vegne av Bjørg G Sæther	<p>Det er ikkje ønskeleg at gnr./bnr. 189/2 blir sett av til sentrumsformål slik det er lagt opp til i arealdelen. Dei to skogsområda på eigedomen blir regelmessig nytta av barnehagen i nærområdet og er flotte område for uteleik og læring. Del av bnr. 2 er dyrka mark som er godt eigna til jordbruk. Det er mogleg å leggje til rette for å nytte området til grønnsaksdyrking, mogleg å leige ut parsellar slik at fleire kan dra nytte av det. Området på Sætra er mykje brukt av turgåarar og er ei fin grøn lunge på ei elles godt utbygd øy. Det er viktig å bevare slike område på Valderøya og kommunen elles og særskilt viktig for trivselen til innbyggjarane. Området bør sikrast som friluftsområde.</p>	Arealbruken blir vidareført for eigedomen som i framlegg til plankart til 2. gongs offentlig ettersyn. Innanfor sentrumsformål er det blant anna opna for leike- og parkareal. I samband med regulering av området må blant anna dei to skogsområde vurderast nytta som leike- og/eller parkareal.

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
63	Jan Erik Sæther	<p>Det vert lagt opp til ein fortettingsstrategi som legg opp til at det som har vore unntaket skal verte regelen. Vidare er den ein-sidede satsinga på fleirmannsbustadar som har skapt mykje misnøye på Valderøya no uttalt mål i planen.</p> <p>Uroa over at det blir lagt opp til å byggje ned dei siste grønne markane på Valderøya. Sjølv om det ligg utanfor kjerneområde landbruk, så kan det ikkje forsvarast nedbygging av så mykje fulldyrka jord, spesielt ikkje når det er så store utmarksareal som kan byggjast ut.</p> <p>Sidan den fulldyrka jorda på Valderøya er omdisponert til bustad i eksisterande planar, er oversikta som syner kor mykje landbruksareal som blir omdisponert feil. I eit jordvern perspektiv er det ikkje kor mykje LNF-område ein vil omdisponere som er teljande, men kor mykje fulldyrka jord som skal byggjast ut.</p> <p>Det vert også stilt spørsmål til konsekvensutgreinga. Det vert til dømes konkludert med at omdisponering av Trollhaugen og Johannsmarka vil ha negative konsekvensar for jordvernet, medan det på Gjøvsundsætra blir det konkludert med at omdisponeringa er positiv for jordvernet. Utbygging av sentrumsområdet på Sætra vil få nøytrale konsekvensar for landskapet, trass at det i teksten står Utbygging vil medføre store endringar.</p> <p>Nytt moment som har kome til er varsla forbod mot nydyrking av myrområde, noko som vil gjere det vanskeleg å dyrke i kommunen og talar for å halde på dei større landbruksareala.</p> <p>Strategi for fortetting bryt med sine prinsipp dersom ein går inn for å byggje ut området på Sætra slik arealplanen skildrar. Det vert lagt opp til fortetting i det som også vert oppfatta som landet (Sætra). Utbygging på Sætra vil vere å spreie ny busetnad utover nye området, sidan store delar av området ikkje er bygd ut. Utbygging av Sætra vil endre område totalt, dette området er eit populært turområde no, og har funksjon som grøntområde for store delar av Valderøya. Sætra er den mest landlege delen av Valderøya, det bør difor ikkje byggjast blokker der. Det er rikeleg med utmarksareal å ta av i kommunen, det trengs ikkje å byggje ut marka på Sætra for å gje plass til nye bustadar.</p> <p>Usamd i politikken der det blir lagt opp til å nærmast hindre utbygging på dei andre øyene for å samle mest mogleg på Valderøya.</p> <p>Konkret framlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bør bevare dei delane av gnr./bnr. 189/1, 2, 4 og 5 som er fulldyrka jord som LNF for å sikre at mest mogleg fulldyrka jord blir nedbygd. Sjølv om kommunesentrumet blir lagt til Sætra, er det nok utbyggingsareal så det ikkje er behov for omdisponere desse områda. Ved behov for meir landbruksareal på Sætra kan utmarks eller skogsområde oppover fjellet nyttast. Dette vil ikkje kome i konflikt med eksisterande busetnad, turløyper eller landbruksjord. • Det må ikkje opnast for blokk på nokon side av langs Sætrevegen, eventuelt blokkområde må flyttast opp mot fjellet, over steingarden. • Gnr./bnr. 183/38 bør setjast av til LNF-formål for å sikre grøntområde for bustadane i nærområdet, spesielt viktig dersom heile arealet frå Groeven og nordover mot Gjerdesvingen vert bygd ut. • Planen må i større grad leggje til rette for at framtidig vekst vert fordelt på dei fire øyane. Planen bør leggje føringar som sikrar alle øyene investeringar i infrastruktur og eit godt tenestetilbod for lokalsamfunna. 	<p>Det vert lagt opp til strengare krav i samband med utbygging av fleirmannsbustadar for å sikre god bukvalitet.</p> <p>Dette vil bli endra, skal vere negativ konsekvens.</p> <p>I plansamanheng har dette område status som bustadområde – store delar er lagt ut til bustadformål.</p> <p>Syner til arealoversikt i planomtalen som syner at dette ikkje er korrekt.</p> <p>Arealbruken blir vidareført frå gjeldande plan og framlegg til 2. gongs offentlig ettersyn. Å drifte landbruksareal på Valderøya vil bli utfordrande på grunn av bustadar tett inn på.</p> <p>Kvar det kjem blokk blir avklart gjennom regulering.</p> <p>Dette området vart omdisponert ved tidlegare rullering.</p> <p>Planen legg føringar for framtidig bustadvekst på alle øyene.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
65	Sylvia og David Lawford	<p>Sidan 2015 har det vore plage av støy frå spolebåten Seven Oceans. Støyen frå denne går på helsa laus, den lågfrekvente duren går gjennom husveggene heile døgnet. Andre båtar som ligg til kai i lange periodar er også plagsame. Det er også plagsamt med lastebilar som kjem fleire dagar for tidleg til Seafood farmers og står med kjøleaggregat på og ventar på kommunal veg. Dette har med auka produksjon å gjere, men med kontakt med Seafood farmers blir det ikkje gjort noko. Framtida er bekymringsfull og korleis hamneområdet vil påverke livskvaliteten, bekymringa har auka med aukande støy. Når større båtar ligg ved kai finns det ikkje uteareal som er i le av støyen, opphaldsromma og soveromma er vanskelege å opphalde seg i, noko som påverkar livskvaliteten. Handtering av støy er viktig for både eksisterande og nye bustadar, som synt i KU 7.3.4 Blomvika. Men dette er ikkje teke med i KU 7.3.5 som gjeld Bva_3. I 7.3.5 må det vurderast avbøtande tiltak som eksisterande hus innanfor støysona får fasade/vindusoppgraderingar for å blokkere støy, i tillegg til lokale støyskjermingar i tomtegrensa. I hamneområdet må bygg utformast slik at dei skjermar mot støy, eller reflekterer støy vekk frå bustadområda. I reguleringsprosessen vidare bør det bli sett maksimalgrense på sjøfartøy i området, for å hindre støyproblem med større fartøy.</p>	<p>Ved utbygging av kaier i Gjøssundet vil det bli lagt opp landstraum for skip, noko som vil redusere støy om natta kraftig. Truleg vil ei utbygging som det er lagt opp til i Blomvika vere med på å redusere noko av støyen frå skip – reflektere støyen tilbake.</p> <p>Det er lite ønskeleg å leggje restriksjonar på trafikken i Gjøssundet. Det må vurderast andre avbøtande tiltak for å redusere støyproblem.</p>
67	Arne Vadseth	<p>Ønske om å leggje gnr./bnr. 183/156 og 165 ut som teneste og sentrumsformål, alternativt næring; industri, verkstad og lager.</p> <p>Gjøssundet blir lagt til rette som framtidig fiskerihamn i Giske kommune. Nyleg vedteken reguleringsplan legg til rette for fiskeri, ny vegstruktur og høgare utnytting av utbyggingsområda. Det blir arbeidd for å få Gjøssundet in på NTP som nasjonal fiskerihamn. I området er det også etablert kommunal verksemd og privat handel. Den framtidige fiskerihamna vil krevje store, eigna og nærliggande areal på land. Det vil også vere behov for andre type areal til infrastruktur i same område, som service, handel, administrasjon og reiseliv. Gnr./bnr. 183/156 og 165 ligg i naturleg samanheng med dette området, som fortsetting av industri/offentleg regulering Glopmyra., mellom grustak/pukkverk i enden av Glopvegen. Her kan byggjast forretning, kontor, tenesteyting og reiseliv for fiskeverksemd, akvakultur, offshoreverksemd og skipsfart knytt til alt eksisterande og planlagt handel og service.</p> <p>På sørsida av tomtene ligg det grustak/pukkverk, der det blir teke ut masse til anleggsformål og deponering av masse. På nordsida ligg rv. 658 med mykje trafikk. Fritidsinteressene er sterkt redusert på grunn støy; trafikk og massetak.</p> <p>Tomtene har direkte tilkomst til veg, gang- og sykkelveg og regulert kommunal parkeringsplass, om lag 300 m frå kommunal infrastruktur, ikkje dyrka mark. Tilkomst til rekreasjonsområde/historisk minnesmerke blir ikkje hindra.</p>	<p>Framlegg om å IKKJE leggje inn i arealdelen</p> <p>Før avklaring av ny tilkomst til kommunen (tunnell/bru) er det ikkje ønskeleg å byggje ned meir areal vest for BSva_2 og 3. Vidareført som LNF til neste rulling.</p>
68	Arne Vadseth	<p>Groven-Slippen Storvik, gnr./bnr. 183/65 Oksnes. Kva må til for å realisere prosjektet?</p> <p>Oversikt over ønska tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nytte området for båtslipp for eldre båtar opp til 50 fot • Ta vare på naturområdet, leggje til rette med stiar • Byggje gapahuk • Informasjon om fiskebondekultur • Framstå som aktivt kulturområde i fiskarbonden si ånd, vedlikehald og driftskunnskap • Leggje til rette for bading, sjøsport, sjøfriluftsliv • Byggje tradisjonelle naust i tre - grindbygg • Byggje tilkomst – traktorveg/gang- sykkelsti 	<p>Etter vedtak av arealdelen kan ein starte opp reguleringsprosess for å få på plass ønska for mål.</p> <p>Det er lagt føringar for tursti gjennom formålet i plankartet.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
79	proEss på vegne gnr./bnr. 188/131	<p>Merknaden gjeld naust område i Ytterlandsvika. Det blir uttrykt usikkerheit om Fylkesmannen har kome med motsegn til merknadsområdet, då det er nytta feltnamn for eit anna område på Valderøya i motsegna. Dersom det ikkje er motsegn til framlegg til arealbruk ber ein om at ønska arealbruk blir lagt inn og kan sjå vekk frå resten av merknaden.</p> <p>Etter motsegn frå Fylkesmannen er ønska naustområde teke ut av kommunen.</p> <p>Området er i gjeldande reguleringsplan regulert til naust, noko som også var utgangspunkt for kjøp av arealet. Tomta ligg også inntil område som både i gjeldande og framlegg til ny arealplan er sett av til hamn og naust. Plankart og føresegner er tydelege på arealbruken.</p> <p>Eit anna moment er at tomtene sør for bnr. 131 er del frå og målt opp langt ut i sjø, noko som kan sjåast i samanheng med regulert naustareal.</p> <p>Grunneigar ser for seg bygging av 6 tradisjonelle naust, der det blir fokusert på å ta vare på friluftsiinteressene. Det blir lagt til rette for og gjer tilgang enklare for ålmenta å fredast i området, med enklare tilgang til fjøra. Steinfylling i sjø mot sør vil vere godt eigna til fiske og badeplass. Ut frå ver- og klima ligg området godt til rette for etablering av naust og friluftaktivitetar, eit friluftsområde i nærleiken av Ytterland bydelssenter. Ber om at FNva_2 i plankart ved 1. gongs høyring blir vidareført.</p>	<p>I Fylkesmannen sin merknad går det tydeleg fram at motsegna berre kan gjelde bnr. 131, sidan motsegna gjeld eit område nordvest på Valderøya og det må sprengjast vekk svaberg for å plassere naust. Dette til tross for at det er nytta feil feltnamn i merknaden.</p> <p>Giske kommune tek motsegna til følgje og framlegg til plankart blir ikkje endra i dette området.</p>
80	Stig Arne Nordstrand	<p>Vil opplyse om at innspel til høyring av 132 A-ref. sak 105/01 referert til regulering av Skjongneset gnr./bnr. 186/32 er alle tidlegare framlegg endeleg forkasta av administrasjonen og kan ikkje påklagast. At kommunen no skal ta over ei slik regulering kan ein ikkje sjå nytte av.</p>	Teke til vitande.
85	Kåre Ytterland	<p>Dersom Lilleholmen skal nyttast som i framlegg til arealplan, bør tilkomst gå frå snuhammaren, over Livlaneset og fylling over til holmen. Dette både av værmessige årsaker og for å unngå at trafikken til holmen blir ført over industriområdet.</p>	Ikkje teke til følgje. Det bør ikkje leggjast opp til å byggje ned neset sør for Lilleholmen.

MERKNAD/MOTSEGN FRÅ OFFENTLEGE MYNDIGHEITER

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
4	Møre og Romsdal fylkeskommune	<p>Merknad til utviding av rullebane mot aust for Ålesund lufthamn Vigra:</p> <p>Friluftsliv Det er registrert friluftsområde med lokal verdi, på begge sider av flyplassen. I den vidare planlegginga bør ein vurdere å sikre samanhengen mellom og tilkomsten til desse. Klipp frå Miljøverndata: <u>Miljøverndata for 153203400 Roaldsanden i GISKE (På nordsida av flyplass)</u> <i>Austvend, ope vik på Vigra med sandbotn, dels flygesand. Fine forhold for bading. Rik og særprege vegetasjon langs strandvollane. Området er nytta til ekskursjonsområde av Vigra skule til studie om livet i fjøra. Friluftsområde - bruksverdi = Lokal</i></p> <p><u>Miljøverndata for 153214900 Rognodden i GISKE (På sørsida av flyplass)</u> Badeplass. Friluftsområde - bruksverdi = Lokal</p> <p>Automatisk freda kulturminne (land) Ved regulering av området må ein forvente at det vil verte stilt krav om arkeologisk registrering av dei områda ein ønskjer utvide flyplassen med. Området har potensial for funn av ukjente automatisk freda kulturminne og det må takast høgde for kostnader knytt til arkeologi.</p> <p>Automatisk freda kulturminne (sjø) Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Det vart gjennomført marinarkeologisk registreringsarbeid i området september 2012. Museet kjenner så langt ikkje til automatisk freda kulturminne i det aktuelle området, og har difor ikkje serskilte innspel til det planlagde arealinngrepet, utover den generelle varslingsplikta.</p> <p>Gjer merksam på at tiltakshavar må gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk, eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området.</p>	Teke til vitande - må følgjast opp ved regulering for utviding av rullebane mot aust.
5	Avinor as	<p>Det blir synt til kunngjering av søknad om akvakulturanlegg for makroalgar på lokalitet NFFFA_6 i Vikane i framlegg til kommuneplan. Omsøkt lokalitet NFFFA_6 ligg om lag 1750 – 2600 m sør for rullebane på Vigra. Av omsyn til flytryggleik vurderer Avinor all ny verksemd/aktivitet rundt ei lufthamn som kan tiltrekke seg fugl. Det vil ved ei lufthamn vere ein viss risiko for kollisjon mellom fly og fugl («birdstrike»), som Avinor har som mål å redusere til eit minimum. Denne faren er mest kritisk ved avgang, og kan i ytterste konsekvens ende med havari.</p> <p>Avinor har ikkje innvendingar til etablering av akvakulturanlegg for makroalgar på lokalitet NFFFA_6 Vikane då tilgjengeleg forskingsmateriale tilsei at omsøkt produksjon ikkje trekker til seg fugl. Dersom det skulle vise seg at anlegget trekkjer til seg fugl, må avbøtande tiltak setjast i verk. Dette bør inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve.</p> <p>Når det gjeld fiskeoppdrettsanlegg, så vil dei i langt større grad trekke til seg fugl. Slike anlegg bør minimum ligge 5 km unna flyplass. Avinor ber difor om at fiskeoppdrettsanlegg AK_1 innanfor NFFFA_3 (1000 – 2200 m søraust for rullebane) og kaste- og låssettingsplass for fiske FIK1_1 (100 – 1800 søraust for rullebane) blir teke ut av arealdelen til kommuneplan for Giske 2017 – 2029. Det er viktig at Avinor er fast høyringsinstans for alle søknadar om etablering av akvakultur samt kaste- og låssettingsstad innanfor ein avstand av 5 km frå Ålesund lufthamn Vigra.</p>	Merknaden vart handsama i kommuneplanvalet i samband med utlegging til 2. gongs offentleg ettersyn. Det vart ikkje gjort vedtak om å endre arealbruken i sjø. Syner til sak F-087/17 og F-88/17 .

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
36	Avinor forts.	<p>Vidare nyttast H_190_2 for område med byggjerestriksjonar rund flynavigasjonsanlegg ved Ålesund lufthamn, Vigra, synt med koter (raude streksymbol) på Avinor si teikning ENAL-P-09. For omsynssone til prosessvatn til næringsmiddelindustri, får man heller nytte H_190_3 og H_190_4 for å skilje dei ulike omsynssonen i § 4.1.1.</p> <p>Omsynssone H_190_1 og H_190_2 må synast i plankartet med eigne skravurar. Avinor vil med det første oversende oppdatert restriksjonsplan (ENAL-P-08) og byggjerestriksjonskart (BRA-kart, ENAL-P-09) i sosi- og pdf-format.</p> <p>Farleg eller villeiande lys Føresegn om farleg eller villande lys er teke inn i § 2.24.</p> <p>Akvakulturanlegg Av omsyn til tryggleiken vurderer Avinor all ny verksemd/aktivitet rundt lufthamnene som kan trekkje til seg fugl. Det vil ved lufthamn vere ein viss risiko for kollisjon mellom fly og fugl (birdstrike), som Avinor har som mål å redusere til eit minimum. Denne faren er mest kritisk ved avgang, og kan i ytterste konsekvens ende med havari.</p> <p>Fiskeoppdrettsanlegg har erfaringsmessig ein tendens til å trekkje til seg fugl og slike anlegg bør følgeleg liggje minimum 5 km unna ein flyplass. Avinor ber om at område for akvakulturanlegg AK_1 (1,1 - 2,3 km sør/søraust for rullebane) blir teke ut av kommuneplanen sin arealdel. Avinor kan akseptere at AK_1 består dersom bruken blir avgrensa til akvakulturanlegg for makroalgar, då tilgjengeleg forskingsmateriale syner at desse ikkje til trekkje til seg fugl. Denne avgrensinga i bruken av AK_ må i så fall bli teke inn i § 3.5.8 i føresegnene til arealdelen.</p> <p>Det er viktig at Avinor er fast høyringsinstans for alle søknadar om etablering av akvakultur, kaste og låssettingsområde innanfor ein avstand på 5 km frå Ålesund lufthamn Vigra.</p> <p>Flystøysone Flystøysone er innarbeidd som omsynssone H_210 (raud sone) og H_220 (gul sone) med tilhøyrande føresegn.</p> <p>Motsegn Dersom ikkje Giske kommune innarbeidar/følgjer opp punkta nedanfor i arealdelen med tilhøyrande føresegn, er det å forstå som motsegn til arealdelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Omsynssone H_190_1 (høgderestriksjon/hinderflater rundt rullebanen) og H_190_2 (byggjerestriksjonar rundt flynavigasjonsanlegg) blir synt på plankartet med eigne skravurar med tilhøyrande korrekte føresegn i § 4.1.1, jamfør punkt over • Område for akvakulturanlegg AK_1 blir teke ut av arealdelen, alternativt at det blir lagt avgrensingar i § 3.5.8 om bruk av AK_1 til akvakulturanlegg for makroalgar, jamfør punkt over. 	<p>Det er etterspurt restriksjonsplan og byggjerestriksjonsplan i sosiformat. Blir innarbeidd.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
82	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<p>Fylkesmannen syner til forsøk med samordning av statlege motsegner, jamfør motsegn på vegne av Avinor:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Omsynssone H_190 (høgderestriksjonsflate/hinderflate rundt rullebane) og skravur må synast på plankartet med tilhøyrande korrekte føresegnar i § 4.1.1 • Område for akvakulturanlegg AK_1 må takast ut av kommuneplanen. Alternativt må det leggjast inn ei føresegn om at AK_1 berre kan nyttast til akvakulturanlegg for makroalgar. <p>Fylkesmannen – motsegn frå 1. gongs offentlig ettersyn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Føresegn 2.12 må vere i tråd med føringane i RPR for barn og unge • Naustområde, ikkje auke frå 50 m² til 60 m² og 80 m² • BIAva_1 – seglsportsenter, urørd strandsone • BIAg_2 – idrettsanlegg Staurneset • Bg_10 – bustad Giske – jordvern • Bvi_17 – bustad Budafjellvegen – jordvern • Kommunen må sikre tilstrekkeleg mot flaum frå vassdrag – samfunnstryggleik <p>Motsegn til nye framlegg 2. gongs offentlig ettersyn</p> <ul style="list-style-type: none"> • SLvi_1a og omsynssone H_130 – går delvis inn i verneområde Roaldsand • SLvi_1a er synt i plankartet – manglar KU og føresegn • BNva_3 - må ha føresegn om at føremålet gjeld anlegg i fjell • BRUva_1 – Ytterland – landskap- og nærmiljøinteresser • SPago_2 – Sandvika Alnes – kulturlandskap og friluftsliv • Bg_13 – bustad Giske – landbruk • Bg_14 – bustad Giske – landbruk • Bvi_20 – bustad Vigra – landbruk <p>Barn og unge</p> <p>Motsegn vert oppretthalden for enkelt punkt, føresetnad for å trekkje motsegn er at følgjande punkt blir teke inn i føresegn 2.12:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ved regulering må krav til leikeplass vere sikra i plankart og føresegn • Minimumsstorleik for nærleikeplass skal vere 200 m² • Det skal vere maksimalt 20 bueiningar per nærleikeplass <p>Det blir rådd til at kvartalsleikeplass bør vere minimum 1500 m². Storleiken er grunna ut frå sikring av avstand til kringliggjande busetnad ut frå kva slags element/funksjonar det kan vere aktuelle å plassere på kvartalsleikeplassen.</p> <p>Natur- og miljøvern</p> <p>Flyplassen – SLvi_1a og omsynssone H_130_1</p> <p>Desse områda skal sikre areal aust for eksisterande rullebane til framtidig utviding av Ålesund lufthamn Vigra. Avslutning av dagens rullebane delar dyrelivsfredningsområdet Roaldsand i to, grensene ligg tett inntil fyllingane for rullebana. I plankartet overlappar delvis SLvi_1a og H_130_1 med verneområdet på begge sider. Dette føreset grenseendring av verneområdet og skal skje i eigen prosess. Motsegn på grunn av manglande tilpassing til verneområdet</p>	<p>Har etterlyst kartefesta avgrensing for å leggje inn omsynssone H_190,</p> <p>Sjå vedlegg om motsegner.</p> <p>Justere føresegn 2.12 med å ta inn desse tre punkta.</p> <p>Justere storleiken på kvartalsleikeplass i føresegn, blir minst 1500 m².</p> <p>Justerer omsynssone H_130_1 slik at den ikkje kjem i konflikt med verneområde.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
82	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<p>Flyplassen SLvi_1a Teksten SLvi_1a er synt i plankartet og ser ut til å vere samanfallande med omsynssone H_130_1. Motsegn til SLvi_1a på grunn av manglande KU, føresegn og er misvisande framstilt.</p> <p>Flyplassen – endring av omsynssone for utvalt naturtype slåttemark På dei grøne trafikkøyene mellom rullebaner og bygg inne på flyplassområdet er det registrert utvalt naturtype slåttemark, med A verdi. Naturtypen er sterkt truga. Fylkesmannen gjer merksam på at sakshandsamingsreglane for utvalt naturtype framleis vil gjelde og at endringar ikkje kan gjennomførast utan at konsekvensane for den utvalde naturtypen vert kartlagt.</p> <p>BRUva_1 steinbrot Ytterland Tiltaket vil gripe inn i markert landskapsform som endå ikkje er øydelagt av inngrep og vil lage terrengsår som vil verte utfordrande å avslutte/reparere på ein god måte. Inngrepet vil vere eksponert både frå den næraste busetnaden på Ytterland og frå det store landskapsrommet i vest. Støy og støv frå aktiviteten vert truleg ei utfordring for nærliggjande bustadar. Tiltaket må vurderast i samanheng med eksisterande brot- og massehandlingsområde i nordvest og vil då få samanhengande inngrepsområde om lag 900 m langt. Registrert friluftsområde Storefjellet – Ytterland ligg delvis innanfor formålet. Motsegn på grunn av ulempene inngrepet vil få for landskap og nærmiljø.</p> <p>BNgo_2 Området har to naust, relativt urøyr strandsoner og bustadområde som næraste nabo mot nord. Utvidinga har potensiale for konflikt kring nærmiljøinteresser som til dømes støy. Vest for formålet ligg det store areal til næring, hamn og naust. Store delar av areala som er regulert ser ikkje ut til å vere teke i bruk ut over fylling er opparbeidd. Det er ikkje sannsynleggjort behov for meir næringsareal. Det blir rådd sterkt frå ei utviding som vil øydeleggje strandsoner og etablere nytt næringsareal opp til eksisterande bustadområde inntil behovet er nærare vurdert.</p> <p>SPAgO_2 parkering Sandvika - Alnes Alnes er eit av utvalde kulturlandskap med spesielle kvalitetar yst ute mellom sjø og land. Alnes er registrert som viktig utfartsområde. Det er forståeleg at det er mange som ønskjer å besøke denne spesielle staden og at det er behov for parkeringsplassar. Det er viktig at tilrettelegging for ferdsel og parkering ikkje øydelegg kvalitetane ein kjem til Alnes for å oppleve. Motsegn til plassering då parkeringsplass og bilar blir vurdert å vere eit negativt visuelt element/inngrep i opplevingskvalitetane som høyrer til stranda og det heilskaplege kulturlandskapet i området. Det bør søkjast alternativ plassering som ikkje i like stor grad grip inn opplevingskvalitetane på staden, til dømes aust for køyrevegen.</p> <p>BNva_3 . massetak i fjell Det må gå fram av plankart og/eller føresegn at masseuttak gjeld anlegg i fjell slik at overflata ikkje kan disponerast til næringsformål- Motsegn til BNva_3 til dette blir retta opp.</p>	<p>Fjerne feltnamn SLvi_1a, det referer ikkje til formål.</p> <p>Opplyse om dette i planomtalen for omsynssona.</p> <p>Ta motsegn til følgje - ta ut BRUva_1.</p> <p>Vidareføre ny arealbruk.</p> <p>Ta motsegn til følgje – ta ut SPAgo_2.</p> <p>Det stod i føresegnene punkt 3.1.8, siste ledd: Uttak/tiltak ved BNva_1 skal skje i grunnen, ikkje dagbrot. Korrigere til BNva_3 og justere litt teksten.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
		<p>Naust Motsegn mot nauststorleik 60 m² BRA og 80 m² BRA for spesifiserte naustområde blir oppretthaldt sidan innspela til 1. gongs offentlig ettersyn ikkje er komne i møte. Det blir synt til argumentasjon for tema naust i fylkesmannen si fråsegn til 1. gongs offentlig ettersyn. .</p> <p>Landbruk Følgjande motsegn på vegne av landbruksinteressene blir oppretthaldt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • BIAg_2 – idrettsanlegg Staurneset Giske • Bg_10 – bustad Giske • Bvi_17 – bustad Vigra <p>Nye område med motsegn til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bg_13 – bustad Giske • Bg_14 – bustad Giske • Bvi_20 – bustad Vigra <p>Grunngjeving for motsegn på desse tre områda er at arealrekneskapet i planen syner at det vil verte god tilgang på bustadareal i kommande kommuneplan, som mest sannsynleg vil dekkje etterspurnaden i planperioden. Konsentrert bustadbygging vil også optimalisere arealutnyttinga betre enn enkelt tomter. Oversikt over nedbygd matproduserande areal i kommuneplanen, både dyrka og dyrkbar jord, syner store konsekvensar for ressursgrunnlaget til landbruksnæringa og bryt med nasjonal jordvernstrategi og regionalt jordvernmål vedteke av Fylkestinget.</p> <p>Føresegner Har følgjande tilbakemeldingar på enkelt punkt:</p> <p>Punkt 2.9: Det er ikkje høve til gje eigne dispensasjonsføresegn slik det er gjort i punkt 2.9 siste avsnitt. Eventuelle unntak frå byggjegranser synt i plankartet må gjevast som dispensasjon etter pbl. § 19-2.</p> <p>Punkt 3.4 andre avsnitt: Mindre tiltak på bygd bustadeigedom vil krevje dispensasjon etter pbl. § 19.2 dersom dei ikkje er i samsvar med LNF-føremålet.</p> <p>Punkt 3.4 tredje avsnitt: Det er noko uklart om ein har meint at byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø skal gjelde eller om ein har meint å fastsette ei anna byggjegrænse. Dersom byggjeforbodet i skal gjelde, vil det ikkje vere høve til å gjere unntak i føresegn for gjenreising av bygg etter brann og naturskade utan dispensasjon etter pbl. § 19-2.</p> <p>Naust 3.4 siste avsnitt: Jamfør punkt 3.4 tredje avsnitt, dersom byggjeforbodet i 100-metersbeltet gjeld, vil det ikkje vere høve til å gjere unntak for tiltak for tilrettelegging for allmenn bruk og tilgjenge i turområde og ved badeplassar. Unntak krev dispensasjon etter pbl. § 19-2.</p>	<p>Ikkje kome motsegn i møte, vidareføre føresegnene som dei står.</p> <p>Ta motsegn til følgje, ta ut BIAg_2. Syner til merknad til 1. gongs offentlig ettersyn frå Fylkesmannen; når behov oppstår for meir areal til idrett, ta omdisponering gjennom regulering eller ny rullering. Ta motsegn til følgje – ta ut Bg_10. Ta motsegn til følgje – ta ut Bvi_17.</p> <p>Ta motsegn til følgje – ta ut Bg_13. Ta motsegn til følgje – ta ut Bg_14. Ta motsegn til følgje – ta ut Bvi_20</p> <p>Endre til retningsline.</p> <p>Endre til retningsline.</p> <p>Endre til retningsline.</p> <p>Endre til retningsline.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
		<p>Samfunnstryggleik Det er sett krav til kantvegetasjon langs bekkar med årsikker vassføring på 20 m. Dersom denne føresegna sikrar at tiltak ikkje blir oppført i sona utan ei konkret flaumfarevurdering, kan motsegna blir trekt. Det må kome fram av føresegna at avstaden er sett for å oppfylle tryggleiksvilkåra i TEK17.</p> <p>Generelt Giske er ein attraktiv bustadkommune der folketalsvekst og positiv utvikling i regionen generelt gjer arealplanlegging stadig viktigare. Presset på attraktive område vil auke og bevisst haldning til fordeling av arealressursane vert avgjerande for å behalde kvalitetane. Særleg Valderøya er i ferd med å verte relativt tettbygd utan at kommuneplanen i tilstrekkeleg grad legg opp til tydelege rammer for å sikre fellesareal og sårbare område. Særleg gjeld dette strandsona og andre areal for tilgjenge og rekreasjon i område med utbyggingsformål. Problemstillinga vert vanskelegare å ta tak i seinare og er ofte ikkje eigna for løysing gjennom reguleringsplan då ein vil ha behov for å sjå større område i samanheng. Dette vart spelt inn ved første gongs offentleg ettersyn utan at det blir sett endringar i plankartet ved andre gongs framlegg.</p> <p>Konklusjon I revidert planframlegg er mange av motsegnene falt bort ved at områda er teke vekk eller justert. Det står likevel igjen motsegner til nokre av områda/føresegnene, i tillegg har det kome nye motsegner til som følgje av endringar. Mange av motsegnene som står att er vurdert å vere relativt enkle å løyse, medan andre bør vurderast nærare.</p>	<p>Justere føresegn i punkt 2.11 siste avsnitt: Før oppføring av tiltak nærare enn 20 m frå vassdrag med årsikker vassføring skal det gjennomførast konkret flaumvurdering for å oppfylle tryggleiksvilkåra i TEK17.</p>
91	Møre og Romsdal fylkeskommune	<p>Det blir ikkje kommentert eventuelle manglande råd ved 1. gongs offentleg ettersyn, men syner til tidlegare fråsegn i den grad desse ikkje er vurdert innarbeidd.</p> <p>Motsegn til areal som ikkje er vurdert i konsekvensutgreiinga – BOPg_1.</p> <p>Den samla dokumentmengda kunne med føremon ha vore redusert dersom ei valde løysingar for å slå saman dokument, til dømes leggje plankarta og den kartbaserte informasjons ut på separert innsynsløysingar for å gjere karta lettare tilgjengeleg, sjå informasjonen samla.</p> <p>Det er positivt at kommunen har levert plankartet for land og sjø i SOSI-format, slik at regional instans kan leggje plandata i høringsbasen i GIS-link. Kan ikkje sjå at plandata er sendt kartverket for SOSI kontroll og utlegging, jamfør tidlegare brev frå fylkeskommune og fylkesmannen.</p> <p>Til førstegongs offentleg ettersyn var det motsegn til utvikling av sentrumsområde på begge sider av Gjørund, når kommunen planlegg flytting frå Valderhaugstrand. Motsegna gjaldt konkret sentrumsformåla på nordsida av sundet (STvi_2 m.m.). Det var ikkje motsegn til kommunen sitt ønske om nytt kommunesenter, føresett at dette vart gjennomført på ein slik måte at plankart og føresegn avgrensa det nye kommunesenteret som eit kompakt sentrumsområde på sørsida av Gjørundet. Ved 2. gongs offentleg ettersyn er arealformålet sentrumsformål (STvi_2) erstatta med arealformålet BKBvi_4. Endringa omfattar følgjande endring i føring av arealet nord for Gjørundet, sitat av føresegn punkt 3.1.3 (sentrumsformål) og 3.1.11 (kombinasjonsformål). Av ny føresegn er det noko meir avgrensa kva ein kan etablere av føremål innanfor det nye formålsområdet BKBvi_4. Det er ikkje tillate å etablere publikumsretta funksjonar som til dømes forretning og bevertning m.m. Desse funksjonane vil etter endringa vere lokalisert på sørsida av</p>	<p>KU for BOP_1 blir innarbeidd i plandokumenta.</p> <p>Plankarta har vore sendt Kartverket for SOSI-kontroll.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
		<p>sundet. Avgrensing av sentrumsområdet i plankart og føresegn blir vurdert å vere tilstrekkeleg i arealplansamheng og viser til at sentrumsområdet vil bli ytterlegare presisert gjennom ei kommande områderegulering. Motsegna blir trekt.</p> <p>For flytting av kommunesentrumet frå Valderhaug til Gjøssundet vil det vere vesentleg at detaljhandel i dei andre lokalsentra blir regulert. Det blir registrert at føresegn § 2.23 vidarefører føringane for detaljhandel ved 1. gongs offentlig ettersyn.</p> <p>Samferdsel Ved flyplassen blir det gjort endringar av formål, med auke av lufthamn formål. Arealbruken er ikkje vurdert nærare, men ser at ei av utfordringane ved flyplassen er andelen parkering det blir lagt opp til, samstundes som kollektivtilbodet har vore i endring. Målsetting må vere å oppretthalde grunnlaget for kollektivtransport. Det vil bety å vurdere kort stort areal som skal kunne settast av til formål som kan nyttast til parkering.</p> <p>Kulturminne og kulturmiljø Nøgd med det arbeidet Giske kommune har gjort med å synleggjere og prøve å sikre kulturminne/kulturmiljø i arealdelen. Håpar dette vil resultere i ei god handsaming av kulturminne verdiane i kommunen i samband med utbyggingsaker, dispensasjonar og søknader om riving. Under føresegn og retningsliner bør det gjerast nokre mindre justeringar/presiseringar slik at uheldig/uklære forhold blir unngått .§ 2.19 gjev ei fin og god skildring av intensjonane ved vern av kulturminne og kulturhistoriske bygg. Noko av teksten blir noko generell og det kan bli litt uklårt kva som ligg i omgrepet «verneverdige enkeltbygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne». Desse skal ifølgje dokumentet «i størst mogleg grad bli tatt vare på som ein ressurs, og setjast i stand». Paragrafen vil vere tydelegare dersom ein viste til verdivurderingar i regional delplan og til kommunen sin eigen kulturminneplan. Det er eigne føresegn til omsynssoner for kulturmiljø. Under punkt 4.2.5 bevaring kulturmiljø – H_570, kulepunkt 4, står det om sikringsareal kring automatisk freda kulturminne: «Det må her ikkje gjerast anleggstiltak eller andre til som kan svekke verdien av kulturminnet.» Her bør det førast til at «den naturlege vegetasjonen må takast vare på» slik at det ikkje skjer missforståingar over kva som kan gjerast og ikkje. (Det blir føresett normal skjøtsel av eit slikt område. Den same tilføyinga bør også kome med under 4.3.2 «område bandlagde etter kulturminnelova – H_730_#»).</p> <p>Automatisk freda kulturminne Fråsegn RA (Riksantikvaren) RA vil kome med fråsegn til 2. gongs offentlig ettersyn og har fått utsett frist. Fråsegna vil bli sendt separat. For at kommune skal kunne kome i gang med slutthandsaminga av planframlegget sender fylkeskommunen fråsegna før. RA si fråsegn ikkje vil vere innarbeidd i fylkeskommune si fråsegn. Fylkeskommunen si fråsegn er difor førebels i den grad RA si fråsegn ikkje samsvarar med fråsegn på regionalt nivå.</p> <p>Rår til at Giske kommune oppdaterer arealplankartet sitt sidan det har vore registrert fleire nye automatisk freda kulturminne i løpet av 2017.</p> <p>Godøya:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Juv – utbyggingsformål for nære omsynssone H_730_2 – SPAGo_1 • Juv – utbyggingsformål for nære omsynssone H_730_3 	<p>Blir innarbeidd i føresegn og retningsline</p> <p>Redusere utbyggingsformål Justere utbyggingsformål 15 m frå sikringsone fornminne</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
		<ul style="list-style-type: none"> • Kristiantun II – innanfor det bandlagde området kan ikkje det ikkje opparbeidast leikeplass eller linande som er fornankra ned i jord, då det vil vere i konflikt med kml § 3. • Støbakkvika – nordlegaste del av bustadområdet Bgo_14 må takast ut, det blir ikkje akseptert bustadformål inntil gravfeltet – motsegn – synt i skisse kva som blir akseptert. Blir oppfatta som minimumssone og at avstanden mellom gravfelt og steinalderlokalitet og nye byggjetiltak må fastleggjast i detalj på reguleringsplannivå. • Støbakkvika – naustområde BABgo_1b motsegn då naust vil kome mellom gravfelt og sjøen. <p>Giske:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Giske kyrkje- fråsegn nytt servicebygg BOPg_1 mellom Giske kyrkjegard og naustrekka. FK er i tett dialog med RA og dei som planlegg bygget. Nøyaktig arealbehov og tilhøvet til automatisk freda kulturminne i grunnen er framleis ikkje avklart. Føreset at RA si fråsegn til 2. gongs offentleg ettersyn vil omfatte BOPg_1. Kommunen kan oppretthalde sin intensjon, men då må konsekvensutgreiinga synleggjere konflikt mellom kulturminne og nye arealbruk, og syne til at denne må løysast i reguleringsprosess eller i samråd med RA. I motsett fall motsegn. • Vest for Giske kyrkje – Bg_10 – uheldig at bustadområdet ikkje er teke ut, då det opne landskapet rundt Giske kyrkje vil bli redusert. Området har også svært høgt potensiale for funn av ukjente automatiske freda kulturminne som ligg under overflata, det vil difor bli sett krav om arkeologisk registrering ved søknad om tiltak på området. Svært sannsynleg konflikt med automatisk freda kulturminne – motsegn. <p>Valderøya</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sætra – motsegn mot utbyggingsformål i konflikt med gravrøys. Her må enten leggje verneområdet for det automatisk freda kulturminne som grønområde/LNF eller så må ein i løpet av planprosessen søkje dispensasjon frå kml for å få avklart arealkonflikten. • Gule skulen – BKBva_3 inneheld eit automatisk freda kulturminne. Bandlagt areal må leggjast som grøntområde/LNF. Bandlagt areal blir oppfatta som minimumssone og at avstanden til nye byggjetiltak må takast på reguleringsplannivå. <p>Vigra</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjøundet – opprettheld motsegn for automatisk freda kulturminne innanfor omsynssone H_730_48 og H_730_49. <p>Kulturminne frå nyare tid I fråsegn til 1. gongs offentleg ettersyn vart det kommentert at det nordaust for Blimsanden ligg 7 - 8 naust, eit naustmiljø med særskilt høgt verneverdi. FK kom med fråsegn vedkomande eksisterande og eventuelt nye naust, fråsegna er teke med som retningsline under føresegnene for BABvi_2. Ber om at fråsegn for eksisterande naust også vert del av same retningsline, med følgjande ordlyd: «Dei eksisterande nausta bør liggje utan nye inngrep/ombygging, og berre vedlikehaldas.»</p>	<p>Arealbruken er i samsvar med reguleringsplan frå 2001 og 2015</p> <p>Tek motsegn til følgje – justerer som synt i fråsegn.</p> <p>Tek motsegn til følgje – tek ut naustområdet BABgo_1b.</p> <p>Innarbeidar i plandokumenta, justere formålet etter tilbakemelding RA.</p> <p>Tek motsegn til følgje – tek ut Bg_10.</p> <p>Legg automatisk freda kulturminne som grøntformål.</p> <p>Justerar med grøntområde.</p> <p>Nyleg regulert (2007), avklart arealbruk til fornminne, er i samsvar med regulering.</p> <p>Tek inn fråsegn som retningsline.</p>

A-ref.	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
		<p>Servicebygg sør for Giske kyrkje</p> <p>Mellom kyrkjegarden og naustrekka er det planlagt eit servicebygg. Kyrkjevevja og kyrkjestovenemnda har i fleire år planlagt ei kyrkjestove til kyrkja. Fylkeskommunen ha jobba saman med arkitekt for å kome fram til gode løysingar, og RA har vore involvert. Kyrkjestova skal fungere som avlastning for kyrkja og treffplass for kyrkjelyden, samt romme toalett for besøkande og tilreisande. På den aktuelle plassen står det i dag eit godt tilpassa bårhus frå 1970-talet. Bygget er diverre i dårleg stand og blir ikkje brukt. Då det ikkje er eigna for utviding og RA ikkje ønskjer meir bygningsmasse i området har RA landa på ei plan der bårhuset blir reve og den nye kyrkjestova reist rett vest for denne plasseringa. Det nye bygget skal vere ei kyrkjestove i ein etasje med eit formspråk som er underordna og tilpassa kyrkja og kyrkjestaden og ikkje ulikt dagens bårhus. RA oppmodar om at nytt servicebygg blir teikna på rett plass i samsvar med løysinga som er gjort greie for over, og at markeringa av dagens bygg også blir fjerna.</p>	<p>Formålsområde BOPg_1 for servicebygg har vorte justert i samsvar med fråsegn.</p>
97	Avinor	Data for restriksjonsplan og BRA-kart.	Er innarbeidd i plankartet.



GISKE KOMMUNE

Valderhaug 4
6050 Valderøya
Tel.: +47 70 18 80 00
www.giske.kommune.no